

Birgitta

is i magen, for ofte har ein berre jobb eit par veker fram i tid. I følgje Birgitta kan ein vanleg arbeidsdag fortone seg omtrent slik;

- Anten får eg eit oppdrag frå ein arbeidsgjevar, eller så må eg selje det eg har å tilby. Eg er den som kjem med idèane til arbeidsgjevar og må deretter ut å leite etter artiklar i butikkane. Dei fleste innehavarar er

velvillige til å låne ut tinga sine, dette er jo flott gratis-reklame for dei, sjølvsgt. Deretter plukkar rett og slett budbilen opp artiklane eg har valt ut, og køyrer det til studio der vi gjer opptak. Eg "styler" eller regisserer alle artiklane slik eg meiner det skal sjå ut før vi tek bilete eller gjer opptak.

Det er altså ei driftig og initiativrik dame det her er snakk om. Ho jobbar innanfor fleire ulike felt og synes at det er den kreative prosessen i oppdraga hennar som er drivkrafta. Det som fengjer, er det å tenkje ut komposisjonar og å sjå den estetiske balansen i det ho gjer. Sjølv seier ho at ho kunne tenkje seg å jobbe meir med film, og då spesielt reklamefilm. Birgitta har stadig oppdrag for ulike møbelbedrifter, og har godt overblikk over trendar innan interiør- og møbelbransjen. Det er vel heller inga ulempe å kome frå møbelbygda Sykkylven? Eller? Kva meiner eigentleg Birgitta om møblane i heimbygda? Tør ho å snakke om det?

- Å vere kritisk her er vel som å banne i kyrkja, men eg kan seie at eg generelt synes at møbelprodu-sentane her i distriktet lagar for like møblar. Dei fleste manglar eigenart og sin eigen stil, den eine sin design liknar mykje på den andre. Nokre kan likevel nemnast som klarer å finne si eiga form på ein nyskapande og funksjonell måte, og det er blant anna L. K. Hjelle

og Vatne. Dei utmerker seg begge med god design, kvalitetsmateriale og fokus på tidlause, men likevel særprega former. Når det gjeld L. K. Hjelle, er dei flinke til å stole på seg sjølve og å nyorientere seg, noko vi ser i samarbeidet dei har inngått med design-gruppa Norway Says. Dei har fått til å skape sin eigen signatur på møblane samtidig som dei ikkje stagnerer i ei form.

Men kva er "hot" på møbel- og innreiingsfronten nett no då, lurar eg på? Bør vi gå for reine, kvite veggjar og rette liner slik alle skal ha det no for tida, eller er denne trenden heilt ute?

- Skal ein vere rett så trendy i dag, er det meir i retning av det orientalske. Vi ser fleire innslag av asiatiske påverknad og bohemstilen er også "rett" no. For ikkje å snakke om nipset som har kome til heider igjen; nemleg bestemor sine gamle porselenskoppar -desse må du ikkje hive i containaren om du vil vere sist med det første, seier stylisten Birgitta Roald entusiastisk.

Tenkte vi det ikkje! Ein har ikkje før malt dei grønne veggane kvite og skinande, og reve ned brystningspanelet frå 90-talet, før det er heilt rett med både grønne og røde veggjar for alt vi veit. Kanskje kjem til og med nipset frå dei glade 80-åra på moten igjen. Berre ikkje gi vekk den mintgrøne Ekornes-sofaen din som du har stua vekk på loftet i skam - for ikkje å snakke om alle dei rosa, kvite og svarte pyntedingsane som ligg og skrik i ei kasse til minne om eit tiår som alle over tredve helst vil gløyme når det gjeld stil og trendar. Men kven veit; kanskje er desse skrekk artiklane heilt "rett" neste år?



Dette er og eit bilete av serien som vart tatt på Hardangervidda, der eg kledde div steinar med valgte tekstilar

Setrebok frå Velledalen

Velledalen Sogelag


Silarduken, selet og setretausene i Velledalen har fått sin velfortente dokumentasjon. Boka om setrane i Velledalen ligg no nemleg føre, og med dette er fleire års arbeid i hamn.

Alt for 10 år sidan starta det første planmessige innsamlingsarbeidet av historia om setrane i Velledalen. Det var Brunstad Grunneigarlag som då ved hjelp av tidlegare setretausar på Brunstadsetra, fekk gjennomført ei registrering av liv og arbeid på setra. Nokre år seinare hadde Jostein Drabløs ført i pennen historia om Dravlausstølen på oppdrag av Dravlaus grunneigarlag. Dermed var grunnlaget lagt for det som no er setreboka.

Velledalen Sogelag tok over stafettpinnen og fekk sett i gang innsamling, intervju og annan dokumentasjon kring dei andre setrane i dalen. I dette arbeidet har mange delteke, og endå fleire har late seg inspirere og kome med interessante og viktige opplysningar om setringa og setrelivet. Redigeringsarbeidet av tekstane, samt innsamling av bilete, har Boknemnda i sogelaget teke seg av. Med stort engasjement har velledalingane funne fram gamle album med viktig fotodokumentasjon av setrehistoria. Boknemnda har gått gjennom fleire hundre slike bilete, og i boka møter vi bilete mest på kvar einaste side. I tillegg til gammalt fotomateriell, er boka også rikt illustrert med teikningar og nyare fargefoto. Jarle Lade har bearbeidd stoffet på data, medan Even Skoglund har gitt boka sitt grafiske uttrykk.

Boka femner om setrane så langt tilbake i tid ein klarer å dokumentere lokalt. Hovudbolken i boka er likevel om setrane og setrelivet frå 1920-åra og fram til setringa tok slutt.

Velledalingane har basert boka si mest mogleg på beretningar og opplysningar direkte frå dei som opplevde setrelivet. Her skildrar budeiene setrelivet med eigne ord, men også karaarbeidet knytt til setrane får sin rettmessige plass. Boka gir også rom for humor, skyvjing, huldrehistorier og meir dramatiske hendingar. Reiskap, setrekost, eigarforhold i utmark, setra i



kunsten og setra som våre dagars rekreasjonsområde er også tema i boka.


Setrane var ein svært viktig del av grunnlaget for landbruk og busetnad i heile bygda. Gjennom dei blei både landskap, jordbruk, kultur og tradisjon teke vare på, og gjennom setrane vart mykje av det økonomiske fundamentet lagt. Setrelivet i Sykkylven hadde så mange fellesnemnarar at Sogelaget er viss på at mange rundt om i bygda vil kjenne seg att.

Det viktigaste for dei som har bidratt saman med Velledalen Sogelag, er likevel at framtidens generasjonar skal få kjennskap til denne viktige delen av vår felles, nære fortid. Slik kan Heggebakk-søskena med Oskar og Lovise i spissen og alle dei hine som la ned ein stor arbeidsinnsats på setrane, få den vordnad og takk dei fortener.

Heggebakk-Oskar var blant dei siste som sætra i Velledalen. Like fram til midten av 1960-talet bar Oskar mjølka i hylkje frå Vallasætra og heim. Kva eit hylkje er, ja det får du lese meir om i sætreboka!

Boknemnda i Velledalen Sogelag v/
Sissel Brunstad og Kari Hjorthol

Mindor Hjellegjerde var økonomisjef ved Hjellegjerde Møbler og er no pensjonist. Han har vore med i hagelaget sidan tidleg på 50-talet og mange av åra var han med i styret. Han har sjølv ein innhaldsrik hage.



Hagelaget – matauk og hygge

Av Mindor Hjellegjerde

Refertatet frå skipingsmøtet av Sykkylven hagebrukslag, ser ut til å ha kome bort, men vi har notat om at dette vart halde i mars 1947. Frå styreprotokollen finn vi at desse var med i det første styret: Bastian Blindheim, Riksheim, Alfred Kjemphol, Tusvik, Sverre Aurdal, Aure, Olav C. Vik, Vik, Leif Ekornes, Ikornnes, Odd Brunstad, Velledalen.

Sverre Aurdal var den første formannen og sat fram til 1950, så var Bastian Blindheim formann fram til 1952 og etter han Bernt Lyshol fram til 1957. Dei første medlemslistene syner eit medlemstal på om lag 50. Dette har seinare vakse til fram imot 100. Medlemskontingenten var frå først av kr. 2,- per år og med bladet Norsk Hagetidend kr.10,-.

Om vi skal prøve å finne bakgrunnen for dette tiltaket, må vi hente fram fleire glimt frå denne tida. Vi hadde lagt krigsåra bak oss, med okkupasjon i fem lange år. Vi hadde røynt kor viktig det var med eigen matproduksjon. Interesse for eit meir allsidig jord- og hagebruk hadde blitt vekt og mange prøvde seg med dyrking av mange ulike matprodukt.

Under krigen fekk også mange frå byen åkerlappar med bøndene for å dyrke poteter og grønnsaker og ymse anna. På denne tida var det også ei vaknande interesse for dyrking av frukt og bær.

Ei anna side var at det no etterkvart kom fart i bustadbygginga og med det vakna interessa for prydhagar. Mange såg seg om etter fagleg hjelp. Tomtene den gongen, var om lag på ein dekar, sume endå større. Her var plass for både kjøkkenhage, frukt- og bærtre, og blomster, ja, også til ein plen, til trivsel for liten og for stor. Her måtte ein tenkje seg vel om for å kunne lage dette til på best mogleg måte. Stellast skulle det også. Her skorta det gjerne litt på kunnskapane. Godt at nokon synte forståing for det som røyvde seg i tida og var viljuge til å gjere noko med aktuelle tiltak.

FØREGANGSMENN OG – KVINNER

Bastian Blindheim, som kom frå Erikgården på Blindheim, var lærar. Han hadde vore ved fleire av krinsane i bygda og sist i Riksheim krins. Han busette seg på Riksheim, der han kjøpte seg eit jordstykke på



Frå ein hage i Hundeidvik. Foto: Mindor Hjellegjerde.

åtte dekar og bygde både hus og løe på eigedomen. Han var mykje interessert i dyrking av frukt, bær og grønnsaker. Han dreiv elles planteskule, etter sin målestokk og han hadde ein jordbruksklubb. I yngre år hadde han teke kurs i hagebruk.

Det er mykje som tyder på at det var han som tok initiativet til å skipe eit hagebrukslag her i bygda. Dette samsvarar godt med læraren sin posisjon på den tida, han skulle vere ein person som synta tiltak for lokalsamfunnet. Ja, for slik vart det venta av læraren, den gongen.

Bastian Blindheim hadde nært samkvem med fleire som delte interessa hans, mellom desse var Olav C. Vik og Sverre Aurdal. Alle desse var aktivt med i styre og stell og tok gjerne eit tak for lokalsamfunnet. Dei hadde nok eit ord med i laget, både her og der.

Det var nok desse tre som stod i brodden for å skipe eit hagebrukslag i bygda vår. Alle tre var, etter den tida å vere, velutdanna personar. Bastian Blindheim var utdanna lærar og hadde i tillegg til dette ymse kurs, mellom desse eit kurs i hagestell. Olav C. Vik var mykje interessert i hagebruk. Han bygde det første større drivhuset her i bygda i 1949. Sverre Aurdal var ein allsidig person med mange interesser (seinare likningsfunksjonær). Han hadde nysst teke over Pe-bruket på Grebstad og var mykje interessert i jord og hagebruk. Så ser vi at Alfred Kjemphol var med på dette tiltaket. I tillegg til bruket hadde han handelsstaden Tusvik med kai, post og telefon. Han dreiv elles ei tid ein møbelfabrikk. Han var svært aktiv med i ymse tiltak i lokalsamfunnet.

Ein annan, som seinare vart med i styret, var Bernt Lyshol. Bernt hadde landbruksskule og var elles ein av desse som hadde tileigna seg mykje kunnskap som sjølvlært. Som det vart sagt - ein sær kløktig kar.

Bernt likte å prøve nye ting og stelte mellom anna med mykje som gjaldt hagebruk. At også den yngre garde var engasjert i denne saka synar dei unge brukarane Leif Ekornes og Odd Brunstad. Begge var drivande krefter i hagebrukslaget i mange år.

Det er ikkje nemnt noka kvinne mellom initiativtakarane, men her kom det tidleg fleire kvinner på banen som har betydd mykje for laget sitt arbeid, frå først av og vidare framover. Mellom dei første som her er nemnde er Eldbjørg Lillevik, Bertha Hjellegjerde og Rannveig Bakketun Garshol. Dei var klårsynte og dei kunne tale for seg. Kvinnene hadde ofte eit særleg syn på mange gode ting, og denne gjevnaden måtte kome samfunnet til gode. Kvinnene synte ofte eit varmt samfunnsengasjement og har løfta fram gode saker så mang ein gong. Folk såg opp til slike personar. På den måten kjende dei på at dei måtte svare til forventningane, så godt dei kunne. Tid og krefter måtte dei ofte sette inn mykje av og det gjorde dei med glede og med stor idealisme.

Når vi ser oss attende så finn vi mange slike personar, tydelege i kulturbiletet, av både lek og lærd. Dette var kanskje meir markert, om vi går lenger attende i tida, men dei var i god hevd også på førti- og femtitalet. Slike føregangsmenn og føregangskvinner, har betydd mykje i bygda vår gjennom farne tider. Hatten av for dei! Det er mange, både kvinner og menn, som er verd ein blomst ifrå hagelaget ved dette høvet!

Samarbeid

Sykkylven Hagebrukslag skulle ha som føremål å fremje jord- og hagebruk i Sykkylven. Til dette trongst det ein fagmann, ein gartner, meinte dei. Men korleis skulle ein få dette til?

Noko mønster andre stader ifrå, hadde dei ikkje, etter det eg kan finne, så her måtte dei finne sin eigen måte å få dette til på. At Stranda hadde tilsett gartner, var nok ei sterk tilskunding - vi kunne ikkje vere ringare her.

Her er ideen og løysinga slik den vart: Det kom i stand ein avtale mellom kommunen og dei to bankane i bygda og Sykkylven hagebrukslag. Kommunen skulle svare for ein halvdel av løna til gartneren og dei to bankane for ein halvdel. Dette etter at betalte tenester ved gartneren vart trekt ifrå.

Det er ikkje tvil – då søknaden kom til kommunen og til bankane, om stønad til eit hagebrukslag for bygda vår, så var det gode namn som sto bak. Og det har nok vore godt å ha så mange ein gong. Eg skulle likt å ha sett denne søknaden. Eg kan, i tankane, sjå den for meg. Den var sikkert godt grunngeven, fint formulert og høgtideleg skriven. Så han var det sikkert ikkje lett å avvise.

Den første kommunegartneren i Sykkylven, kom utpå våren 1947. Han var frå Austlandet og heitte M. Ahlin. Han kom fort inn i arbeidet, greitt leia av sine føresette i hagebrukslaget. Men då det ikkje lukkast skaffe husvære til familien etter hans ønskje, slutta han i stillinga frå 1. oktober same året.

Stillinga vart utlyst og det melde seg fleire søkarar. Jon Reme frå Innvik vart tilsett. Han vart i stillinga knapt eitt år, då han fekk ei stilling i heimkommunen. Etter han kom to andre unge gartnerar – først Rolf Amdam frå Ørskog som var her i eitt år, fram til april 1950. Så kom Oddvar Bjørkedal frå Volda, som var her i om lag 3 år, fram til juni 1953.

Tidleg på nyåret 1954 kom Arnfinn Flote frå Volda, til Sykkylven som kommunegartner, og til stor glede for oss - her vart han verande. I 1958 vart Flote tilsett i full kommunal stilling som heradsgartner (seinare kalla kommunegartner). Stillinga vart frå denne tida løna fullt ut av kommunen. Han slutta i tenesta i 1997 etter oppnådd pensjonsalder, etter 43 år som gartner i bygda vår.



Frå ein hage i Fauskebygda. Foto: MIndor Hjellegjerde.

I den første tida var bygda delt i 7 krinsar, med ein krinsmann, kontaktperson, i kvar krins. Det var viktig at heile bygda kunne få nytte godt av denne tenesta. Disse stod også for innkrevjing av medlemspengar, kvar for sin krins. Laget var leia av eit styre på 6 medlemmer pluss formann, som vart vald av årsmøtet. Etter at Flote kom, vart han den drivande kraft i laget, så lenge han var kommunegartner og har seinare vore ei god støtte for laget.

Gartneren var stadig på farten, det var planting, klipping, sprøyting og mykje anna som hørde faget til. Det vart på denne tida planta ut eit stort tal frukt- og bærtre. Ei oppgåve over utplantingar i 1952 syner at det dette året vart planta om lag 1000 frukttre, 350 bærtre og framimot 1000 prydbuskar, mellom desse var det mykje roser.

Gartneren hadde mange informasjonsmøte og demonstrasjonar. I Sykkylvsbladet hadde han ofte spalteplass. Interesse for prydhagar vakna mykje no og gartneren teikna mange hageplanar. Hagebrukslaget starta også med planteskule. På bruket til Sverre Aurdal vart det i 1949 planta ut eit mål med ymse grunnstammer, men denne verksemda vart lagt ned i 1953. Gartneren har alt frå det første hatt tilsyn med stellet av kyrkjegarden – her er det blitt utført eit mykje verdfullt arbeid. Elles kom det etter kvart til fleire og fleire kommunale anlegg som trong fagleg hjelp og tilsyn med stellet.

Løna til gartneren var i den første tida kr. 5000 i året. Tenester ved gartneren vart betalt med kr. 2,50 pr. time.

Frå gamalt av, vart det planta nokre frukt- og bærtre på dei fleste bruca. Ein skulle vere sjølvhjelpen. Kjøpefrukt, det var nok mest til jul. Det var Graveinstein frå Hardanger eller store raude amerikanske eple, men dei var nok berre for dei som hadde best råd - vel, det vart gjerne kjøpt nokre få, slik at de vart t.d. eit halvt på kvar i huslyden, om julekvelden. Men, for ei oppleving – ein smak du hadde i munnen heilt til neste jul.

Velstående byfolk hadde "landsted" på bygdene, i den tida, og såleis også her i bygda. Her skulle det vere både frukttre og bærtre og ymse anna planting, om det skulle svare til sin stand.

Ola Tandstad var heradsagronom i Sykkylven fra 1931 og gjorde mykje for hagebruket gjennom mange år. Mykje har grodd etter han. Han for bygda rundt på sykkel og rask på foten var han. Antrekket var som oftast kne-nickers, ullstrømper, høge lersko og jakke og ei noko sermerkt hue – minnest eg. Og han hadde ei



Gartneren fortel om klipping. Foto: MIndor Hjellegjerde.

dokumentmappe i handa. I denne var sikkert viktige dokument som hørde faget til, vil eg tru, ymse reiskapar og matpakken. Hans Lied, Furhaug-Hans, hadde vore i Amerikaei tid i yngre år, der han hadde arbeidd i gartneryrket. Etter at han kom heim, stod han føre ein del nyplanting rundt om i bygda på tretti- og førtitalet. Han var ofte å sjå på farta med spade, sag og hagesaks. Han var som ein hagedoktor, som for omkring, du såg det på handlaget – han kunne noko som dei fleste ikkje kunne.

Status

Det låg i grunnen ein viss status i å stelle med hagebruk, og det var ikkje få jordeigarar som prøvde seg. Dei visste vel at ein vart ikkje utlært på ein dag, å nei, ikkje på eitt år heller. Kanskje ville ein ikkje bli utlært, i det heile tatt. Her trong ein både lærdom, røynsle og fagleg hjelp. Men, du verda så spanande!

Å jau, her stend nok mangt eit gamalt tre som kunne fortelje mykje frå gamalt tid - tenk berre på gamleapalen, på morellbærtreet som gjerne tøyser greinene sine innover stovetaket eller på den gamle asalen og fleire andre. Her er det historisk sus mellom greinene.

Etter krigen var det fleire unge her i frå bygda som gjekk landbruksskulen. Då dei kom heim var dei ivrige etter å praktisere det dei hadde lært. Dette gjaldt av avling på både friland, i drivbenk og i veksthus. Det første større drivhuset her i bygda kom i drift på Vik i 1949 ved Olav C. Vik. Det var særleg kålplantar og tomater han dreiv med. Denne drifta vart avslutta etter om lag 10 år. I 1951 bygde Ottar Holmberg det første drivhuset sitt. Kaspar Nakkeberg bygde drivhus og starta gartneriverksemd i 1964. Før dette hadde han ei tid drive med plantar i benk og mindre veksthus.



Sykkylven hagelage - på tur. Foto: MIndor Hjellegerde.

Produksjonen ved desse gartneria vart etter kvart utvida til mange planteslag og til sal av ei rekkje produkt. Kvar av desse har betydd mykje for bygda vår.

I nyare tid

Etter at lagsarbeidet hadde lege nede nokre år, tok Osvald Vigstad og Arnfinn Flote initiativet til å ta opp att arbeidet. Dette initiativet fekk positiv respons med stort frammøte i pensjonistsalen ein oktoberkveld i 1992. I åra framover kan ein, på nytt, syne til eit aktiv lagsarbeid. I 1997 sette laget opp nye vedtekter. Det vart lagt mykje arbeid og omtanke i dette, for å leggje eit best mogleg grunnlag for laget sitt arbeid tilpassa vår tid. Samstundes vart det sett opp ein arbeidsplan med fordeling av dei oppgåvene den einskilde i styret og andre tillitsvalde skulle stå for. Dette vart eit mykje interessant dokument, som var kalla Sykkylvsmodel-

len. Vi er både glade og stolte av at denne modellen har bore opp eit svært aktivt lagsarbeid.

Sykkylven Hagelag, som vart namnet frå januar 1963, er no det største laget på landsbygda i Møre og Romsdal, med fram imot 90 medlemmer. Laget har i fleire år blitt markert som årets hagelag i Møre og Romsdal. Laget er tilslutta Det norske hageselskap og arbeider på hageselskapet sitt idegrunnlag, som kort er formulert slik: Laget har som formål å fremje hagesaka, hagekultur, landskapspleie og miljøsaker. Dette søker vi mellom anna ved ulike møteopplegg, kurs, studieringer, hagevandringar, utferder, ymse kunnskapsformidling i presse og andre media. Elles søker vi å stø tiltak for stell av ymse anlegg som kyrkjegarden og andre anlegg etter behov og ønskje.

Arnfinn Jørgen Flote er fødd i Volda i 1929. Han er oppvaksen på gard og kom såleis alt frå barnsbein med i alt som har med jord og hagebruk å gjere. Etter eit langt liv som kommunegartner, har han sett sitt personlege preg på dei fleste offentlege uteområde i Sykkylven.



Gartner for Sykkylven

Av Arnfinn Jørgen Flote

Eigen kommunegartner er ein luksus Sykkylven ikkje lenger har råd til. I snart femti år har Arnfinn Flote sett sitt preg på kyrkjegard og parkområde i Sykkylven. Også etter han gjekk av som pensjonist, har han stilt si lange erfaring til disposisjon. I denne artikkelen fortel han frå eit langt liv som kommunegartner i Sykkylven.

I 1947 gjekk eg landbruksskule på Gjermundnes. Året etter var eg heime og dreiv garden saman med mor og ei syster. Deretter reiste eg til Oslo og jobba i Fredrik Johannssons Handelsgartneri som dreiv med roser, nellik, liljer og tulipan til snitt. Gartneriet hadde 12 mål med drivhus, så det var ei stor bedrift for den tida. Så var eg eitt år som praktikant ved Institutt for dendrologi og planteskule ved landbrukshøgskulen på Ås.

Etter militærtjeneste i Tysklandsbrigaden, reiste eg til Ulvik i Hardanger og gjekk to år ved Statens Gartnerskule på Hjeltnes. Fyrste året som ferdig utdanna gartner, jobba eg ved Hardanger Planteskule.

Mild velkomst

1. april 1954 kom eg til Sykkylven. Bernt Lyshol venta på Aurekaia, han må visst gjort seg opp ei meining om korleis eg såg ut, for han gjekk beint på meg og ynskte meg velkommen. Etter eit måltid mat på Hotellet hjå "Ho Emma", gjekk vi til Korsbrekke-huset, der eg fekk tildelt ein hybel. Der var telefon, men elles ingen ting, så ein del ting måtte på plass straks, mellom anna ein sykkel, fortel han.

Bernt Lyshol var formann for Sykkylven hagebrukslag og hadde klare meiningar om korleis han skulle hjelpe meg med å kome i gang. Bernt var einsleg og dreiv garden på Lyshol i lag med systra Olivia. Han tok likevel fri ein heil dag for å vere med rundt om i det meste av kommunen. Vi tok bussen (mjølkeruta) til Drotninghaug. Derifrå starta vi på ei gardsvandring ned over heile Velledalen. Vi gjekk i frå gard til gard og vi stoppa ikkje lenge før det samla seg opp til fem- seks karar og kvinner som var nysgjerrige på framandkaren som var komen til gards. Du verda for ein fin presen-tasjon og lokalkunnskap eg fekk både om gardane,

grendene og folket som bur der. Eg kjende meg så velkomen at eg vart ein liten Ivar Aasen som kunne gå inn i kvart hus i den heile grend "om endå folket kvilde". Betre start var umogleg å få.

Fyrst registrerte eg at dette er ei vakker bygd, ein kan trygt bruke slagordet "venleg, vill og vakker". Vi hadde nærast ein grøn vinter på Nordvestlandet i 1954, så då eg kom 1. april, var det 10 cm. med gras i Fauskebygda. Alt tok til å sprette og i slutten av april



Arnfinn Flote - etter ein vellukka fisketur i Storfjorden.

var det meste av vårblomstrande buskar og tre, liljer og tulipanar i full blomst. Det kom ikkje kulde seinare heller, som kunne øydelegge noko av den praktfulle blomstringa. Folk var oppglødde over det fine vëret, så eg fekk mykje å henge fingrane i fyrste våren. Å rekke over alt var ikkje mogleg, så eg tok så smått til å planlegge for neste år. Då skulle eg samle hageeigarar og andre i kretsane og halde kurs i skjering og ein kunne samtale om sprøyting, gjødsling og kalking.

Dette vart populært og mange kom att og var med på fleire kurs år etter år. På denne tida var det fleire store bærhagar, ein stad var det planta 50 - 60 solbætre, men så vart trea ståande ustelte i mange år. No var det meste berre turre, svarte greiner med lite og små frukt. Kona på garden seier no må du vise karane mine korleis trea skal klippast. Eg hadde med meg ei rydningsaks som eg herja fælt med ei stund. Eg kom fram på eit rundt og tett tre med nesten berre turre greiner, det stod på ei kort stamme som eg sette saks



Arnfinn Flote hygger seg med hagearbeid også privat - her saman med dottera Anne Berit Myhre.

på og klipte av og sparka til det så det trilla bortover marka: Ja ja, sa kona, det vert ikkje mykje bær på ditta i år. To år seinare trefte eg henne på Aure og då fortalde ho at det treet du klipte heilt ned er finaste treet vårt no.

Matauk

Det var knapt ni år etter krigen, så alle var framleis opptekne av å dyrke mat. Jord og hagebruk var framleis primærnæringa med hovudvekt på husdyrhald, men plantedyrking var det også i monalege mengde, spesielt av kål, kålrot og poteter. Olav C. Vik dyrka mange sortar kål, spisskål, sommarkål, vinterkål, blomkål. Han lagra vinterkålen i snøen framme på Strandafjellet, grov han fram att tidleg om våren og selde til ein svært god pris. Mange dreiv torghandel i Ålesund på den tid. Det var alle slags hagebær og skogsbær, grønsaker, poteter og egg. Mange var ivrige til å plante, både under krigen og i mange år seinare.

Sortementet var så som så, det gjekk mykje på silkeple, Filippa, Säfstaholm, Hauge, Åkerø, og Bramly Seedling. Dette er sortar som anten er kravfulle eller svake for sjukdom, så eg fekk meg ei periode med mykje ompoding til andre sortar.

Det var ikkje så svært mange, men det tok til å kome ein del fine hagar. Det var særleg Nakkegata som hadde ry på seg til å ha både svære hus og fine hagar, men så fekk dei også tilnamnet Kaksegata. Etter kvart vart det stigande interesse for prydhage, alle skulle ha plen og den måtte vere så flat som mogleg. Rosebed, gyvel og rhododendron vart statussymbol. Mange lukkast og fekk det fint, men ikkje alle. Dei som mislukkast, mangla nok ein del kunnskap om jord, gjødsling,

kalk, drenering, ikkje minst, og om jordarbeiding. Gravemaskiner kom i drift og letta arbeidet for mange, men ho gjorde også mykje gale, ikkje alle hadde sans, syn eller kunnskap om korleis ein hage skulle, burde eller kunne formast. Resultatet vart ofte dessverre så som så og mykje god jord og andre nyttige materialet vart skusla vekk på grunn av lite planlagt graving. Planlegging vart såleis meir og meir nødvendig både i privat og offentleg sektor.

Kyrkjegarden

Kyrkjegarden vart eit prosjekt som starta med det same eg kom og varte heile mi yrkesaktive karriere som kommunegartner. Grunnspørsmålet for utviding var akkurat ferdig, så arbeidet med å planlegge og få sett i gang arbeidet, starta straks. Samstundes kom det no eit folkekrav om at eksisterande kyrkjegard måtte renoverast og omleggast slik at det både vart pent og praktisk for vedlikehald.

Det var mange og viktige oppgåver som stod føre, gravstøttene stod i hytt og pine, det var nesten ikkje ei rekke der alle støttene stod på rett plass og mengder av støypekantar og liknande som måtte vekk. Planlegging vart såleis det grunnleggande for det som skulle skje på kyrkjegarden i dagane, vekene og åra framover. Eg hadde lite røynsle på dette området i starten, så no måtte eg ut å søkje fagleg hjelp og det fekk eg. Fyrst og fremst var Elias Vinje ei god støtte for meg, han var ein makelaus person å samarbeide med, han var kyrkjeverge og brukte mykje tid på dette i mange år. Vi måtte fare varsamt fram, for det var utruleg ømtleg det som vi stelte med, så eg var ofte i tvil om kor mykje vi måtte gå ut med offentleg. Då fekk eg dette svaret med Elias: "vi seier minst mogleg og gjer mest mogleg". Det beit seg fast i minnet mitt og har vore ein leietråd for meg heile tida sidan.

Eg vil også nemne dei tre statskonsulentane Karen Reistad, Morten Grindaker og Helge Klingberg som har vore i mi tid, dei har vore til inspirasjon og støtte til ei kvar tid og eg hadde gleda av å vere med å skipe Landslaget for kirkegårdkultur på Hamar i 1968. Landslaget har vore med å lyfta kyrkjegardskulturen langt opp og fram dei åra det har eksistert. Elles var det godt å få slå av ein prat med parksjef Njal Bele i Ålesund. Han sa det slik: "du skal ikkje vere redd for motvind no, for når du kan vise til resultat, vil vinden snu og då får du han i ryggen".

Slik vart det. Fyrste åra måtte vi slå kyrkjegarden med ljå, ein del med langorv, men største delen med stutturv. Førebels var det ikkje mogleg å bruke noko anna. Det var framleis handgraving og det kom det til å vere i fleire tiår framover. Kyrkjegardsdag kom i

gang, ein dugnadsdag då pårørende kom for å stelle graver og andre var med for å hjelpe til med tungarbeid. Etter kvart som ein del av den gamle kyrkjegarden vart lagt om og stelt, vart Kyrkjegardsdagen meir og meir populær. Folk møtte fram med grev og spade, kumøkk og andre godsaker og plantar i frå hagane sine. Elles vart det etter kvart høve til å kjøpe planter på staden, Anna N. Drabløs og Kaspar Nakkeberg var dei fyrste som stulte opp med plantar for salg. Eg trur at Kyrkjegardsdagen skal ha mykje av æra for at pårørende har fått og hatt eit så nært forhold til gravplassen.

Parkanlegg

Frå og med Aure skule vart innvigd og teken i bruk i 1954, vart det bygd nye skular og innvigde nesten årleg, 11 nybygg og seinare endå fleire tilbygg og påbygg. Uteområda skulle planleggast og opparbeidast fyrst fremst til leikeplassar, men interessa til å få det fint rundt skulane, kom no etter kvart. Fylkesgartnar Rolf Amdam var ein ihuga pådrivar for det. Økonomien var ikkje romsleg til uteanlegga, for det vart som regel brukt meir enn venta på bygget, likevel vart det gjort ein god del med arealet rundt skulane etter kvart.

Ringen II. var i ferd med å legge gras på Slettegjerde i 1954. Eg var inspirert av professor Aspesæter som rådde til å bruke 40 - 50 cm overhøgde på midten av grasbaner på Vestlandet, men karane i Ringen hadde ikkje ressursar til det. Bana på Slettegjerde vart nok i flataste laget. Det vart ei god og sterk bane, bortsett frå når det var mykje nedbør, då vart det vannpolo. Så kom Sykkylven stadion, innvigd i 1963, Dalemyra litt seinare og til slutt Hundeidvik, som kørde mold frå fabrikkomtene i Lånagarden på Vik.

Eg har fått spørsmål om kva eg synest om at Sykkylven ikkje har kommunegartnar lenger. Eg meiner kommune må ha ein person som er fagutdanna og har evne og vilje til å jobbe grønt. Kommunen har store verdiar i grøntanlegg og det må jobbast med det heile tida. Dugnad og skippertak på dette område har eg ikkje noko tru på.

I jord- og hagebruk har det alltid vore behov for fagleg rettleiingstjeneste. Med den rivande utvikling det har vore siste 50 åra, både på privat og offentleg sektor, er det klart at denne kompetansen har vore viktig. Kommunegartnaren var både planleggar, byggjeleiar og hadde dessutan ansvaret for vedlikehald av grøntanlegga ved skular, kyrkje, kyrkjegard, sjukeheim og andre offentlege anlegg. I tillegg skulle han svare på tusenvis av spørsmål frå private.



Ein sommar var Arnfinn Flote skysskar i Briksdalen. Ein triveleg sommarjobb.

Eg vil også nemne litt om skuleungdomane eg hadde i sommarjobb. Alt i alt hadde eg fleire hundre, dei jobba godt og hadde ei egen evne til å lage eit fint sosialt miljø sjølve. Dette er ein ressurs kommunen har hatt stor nytte av og som kommunen burde kunne gjere seg nytte av også i framtida.



Eldar Høidal er historikar ved Norsk Møbelfagleg Senter. Han har gjennom mange år arbeidd med å samle inn stoff om møbelindustrien her i landet. Kvinnene, som var heimeverande husmødre med ansvar for hus og born, får sjeldan plass i historia. I denne artikkelen presenterer han to kvinner som var gifte med menn som spela kvar si viktige rolle i industrien i Sykkylven.

To kvinnelagnader i Sykkylven

Av Eldar Høidal

Kjellbjørg Brunstad og Anne Kursetgjerde vakna ein dag opp på same rom på sjukehuset i Ålesund etter kvar sine harde operasjonar. Dei har sidan hatt kontakt og kome godt ut av det med kvarandre. Men fram til denne morgonen på sjukehuset levde dei kvar sine åtskilde liv. For sjølv om Sykkylven er ei lita og oversiktleg kommune, vert det gjerne til at ein finn seg vener i dei miljøa ein vankar.

Då vi førte dei to kvinnene saman til samtale, hadde vi ein aldri så liten baktanke. Vi ville bli nærare kjende med representantar for to ulike sosiale grupper i Sykkylven. Ei som hørde til på arbeidsgjevarsida og ei som hørde heime mellom arbeidsfolket i industrien.

Kjellbjørg var gift med møbelfabrikanten Hjalmar Brunstad, medan Anne i seksti år har vore kona til fagforeiningspioneren Petter Kursetgjerde. I utgangspunktet trudde vi at det ville kome fram at liva deira var meir like enn ulike. At oppgåvene og utfordringane til to kvinner, ektefeller og mødre, som store delar av livet var heimeverande, ville ha så mange fellestrekk at forskjellane var mindre å nemne.

Kjærleiken avgjorde

Etter samtalen var vi mindre sikre på om førehandskonklusjonen heldt. Som det ofte er: Livet er meir samansett enn det kan sjå ut til ved første augekast. Utgangspunktet var då også ganske ulikt for Anne og Kjellbjørg.

Anne var fødd i Eidså i Syde for 86 år sidan. Ho var eldste jente av fem. I småbrukarfamilien var også tre brør. Ho måtte tidleg ta del i arbeidet på lik line med dei vaksne. Anne kan ikkje hugse at ho leika. Lange arbeidsdagar er det som står fremst i minnet frå barndomen. Rundt konfirmasjonsalderen måtte ho ut og tene. "Eg stod opp i fem-tida. Det var tunge tak med bering av vatn og berging av høy. Jamvel søndagane var det tidlig opp. Seinsomrane måtte eg fram i marka og plukke bær. Eg hugsar at eg var livande redd for å støyte på orm. Eg var der aleine, og orm såg eg. Men heldigvis vart eg ikkje biten."

Kjellbjørg kan fortelje om ein annan barndom. "Eg vaks opp i Tafjord, og far arbeidde i kraftverket

der. Vi budde i ein vanleg einebustad og eg fekk leike mykje." Kjellbjørg er ni år yngre enn Anne. Oppvekstvilkåra på Sunnmøre vart nok lettare utover i mellomkrigsåra, då industrien vaks fram. Det vart meir pengeinntekter og kjøpeferdige varer å få til hus og heimar. Kjellbjørg hadde ein draum om å bli sjukesyster. Anne såg ikkje andre utdanningsvegar enn husmorskulen. Men det vart ikkje noko av desse planane. Her møttest lagnaden til dei kvinnene. Kjærleiken til to menn førte til at dei hamna i Sykkylven.

Dansen som ikkje vart...

Anne hugsar første gongen ho såg Petter. Ho var i eit bryllaup i Hundeidvika. Som ein del av bryllaupsprogrammet, kom ein liten båt med songarar inn til stranda. Fremst i båten stod ein stram kar. Han song klarare enn dei fleste. "Dei song så vakkert," fortel Anne. Ho lika guten med den fine stemmeprakta. Seinare på kvelden var det dans. Anne speida etter songaren, og vona å få ein dans med han. Ho var ikkje heilt nybyrjar

på dansegolvet. Frå 15-16-årsalderen hadde ho snike seg av garde på dansane i heimbygda. Gutane på landbruksskulen var ettertrakta, og av dei såkalla nepestudentane lærde ho dei grunnleggjande stega.

Men songaren brydde seg tydeligvis ikkje om å danse. Ho såg etter han seinare ut i bryllaupet, som etter gamal skikk strekte seg over tre dagar. Ho kom ikkje nær han før måndagen, då dei åt rømmegraut til avslutning. Då avtala dei at Anne skulle følgje Petter til arbeid same dagen. Det var eit langt stykke å gå, så dei fekk god tid til å samtale og bli nærare kjende. Slik vart det at arbeidsvegen til Petter vart avgjerande for livsvegen til Anne.

Kjellaug kan også minnast at det var kjærleik ved første blick. Ho såg Hjalmar første gongen på bussen frå Straumgjerde til Ålesund. "Eg hadde vore på vitjing hos slektningar i Straumgjerde, Kirsten og Per Lange-land. Bak i bussen såg eg ein triveleg gut. Det vart ikkje til at eg tok kontakt, men eg kunne ikkje gløyme han. Eit halvt år seinare, det var endå til bursdagen min, den 11. mai 1947, var eg i Straumgjerde igjen. Då kørde ein kar med burgunder lastebil bort til oss. Eg kjende igjen guten frå bussturen. Då han spurde om eg ville

vere med på dans framme i ungdomshuset i Velledalen, sa eg sjølsagt ja. Det viste seg at Hjalmar var flink til å danse. Eg og lika å danse. Det vart ein del reinlendarar og valsar på oss den kvelden," fortel Kjellbjørg, som eit knapt år seinare, skifte etternamn frå Rødal til Brunstad. "I grunnen kom eg til dekkabord i Straumgjerde. Hjalmar hadde eit par år tidlegare bygd hus på Bakkane. Det vart mi oppgåve å halde heimen i stand. Hjalmar hadde lange dagar på fabrikk. Som regel kom han ikkje heim før i åtte-tida."



Kjellbjørg Brunstad (fremst) var gift med ein fabrikkeigar. Anne Kursetgjerde har vore gift med ein fagforeningsmann i seksti år. Livet dei har levd i Sykkylven har mange felles trekk, men og skilnader.

Klesvask i Vikeelva

Anne vart kone på Vik, der ho og Petter fekk føre opp sin eigen heim, etter mange omgangar med byråkratar og offentlege kontor. Anne kunne tenke seg å kome ut i arbeidslivet, men det var ikkje så enkelt. I yngre år hadde ho ei tid vore på telegrafan i Eivindvik. Ho prøvde å få plass på telefonstasjonen i Sykkylven, men det let seg ikkje gjere. I staden vart det til at ho skaffa seg strikkemaskin. Ho laga såkalla Marius-genserar og Setesdals-kuffer etter tingingar. 20 kr fekk ho for ei kuffe.

Anne og Petter gifte seg i 1944. I 1945 kom den førstefødde, sonen Jostein. Han vart fødd i fredsrusen etter at tyskarane hadde blitt kasta på dør. Anne hugsar at dei brende blandinggardiner som jonsokbål akkurat då ho låg på sjukehuset. Ei tid var ho usikker på om dei som skulle hjelpe til med fødselen, rakk tilbake frå bålberninga. Men det gjekk bra!

Kjellbjørg fekk sin førstefødde, Helge, i 1951. Etter det vart ho meir bunden til heimen. Dei første tre åra av ekteskapet var ho med mannen på reiser, ho var også ein del på fabrikk og hjelpte til med kontorarbeid. Kjellbjørg hugsar ikkje husarbeidet som tungt og ulyst-

prega. Tvert om. "Vi var truleg mellom dei første som fekk oss vaskemaskin. Etter det eg hugsar var det berre Anne Emdal, kona til fabrikkeigar Karl Emdal, som var tidlegare ute. Eg trur vi fekk han om lag då Helge vart fødd. Det var ein "Ignis" vaskemaskin. Eg hugsar at maskinen var ute av stand nokre månader. Hjalmar hadde så mykje å gjere, så det gjekk nok litt tid før han fekk maskinen reparert. I mellomtida vaska eg klede i ei gryte med kokande vatn. Eg hugsar at klede vart så reine og kvite når eg vaska på den måten."

Anne måtte vaske på gamlemåten med stor vaskegryte og vaskebrett i mange år. Ho hugsar at ho skylte

kleda i Vikeelva. Det kunne bli kaldt på hendene, men klede vart reine!

På heimebane

Sjølv om Kjellbjørg var innflyttar til kommunen, hadde ho ikkje vanskar med å byggje opp eit sosialt nettverk rundt seg. I stor grad var nettverket basert på kontaktar som Hjalmar hadde. "Vi hadde mykje med dei andre som dreiv møbelfabrikkar å gjere. Vi var omgangsvenner med Jens og Petrine Ekornes, Asbjørn og Borghild Fredriksen, Fridtjof og Signe Fredriksen, Otto og Henny Hjellegjerde. Vi hadde også mykje omgang med Arnold og Edny Weiberg-Aurdal. Arnold var ordførar i Sykkylven i 1960-åra, og hjelpte Hjalmar mykje då fabrikk vart flytta frå Straumgjerde til Vik. Elles var det fast tradisjon å reise fram på Brunstad kvar søndag og vitje familien og slektningane til Hjalmar."

I eigen heim var Kjellbjørg ofte vertinne for agentar og andre forretningssamband. Ho lika at huset var i tipp topp stand når det kom slike besøk. Det kunne bli

seine kveldar med bruning av steikar og rydding som måtte gjerast etter at borna, Helge og Wenche, hadde lagt seg.

”Eg hadde ikkje så stor omgangskrins,” fortel Anne. ”Eg kom ny til bygda, men heldigvis hadde eg nokre slektningar her; Per og Marta Kroka. Elles hadde vi litt fellesskap, vi arbeidarpartikonene. Vi var med å laga til mat i samband med møte og festar.” Anne fekk også litt utlaup for dei sosiale behova i helselaget. Kjellbjørg har vore med både i redningsselskapet og kvinnegreina i Odd Fellow-losjen; den lokale Rebecca-foreininga. Ho stod også på Høgre-lista ved eit val, og sat i den perioden i bygningsrådet i kommunen.

Anne var som nemnt gift med ein aktiv fagforeiningsleiar. Det er ikkje til å stikke under ein stol at det var mange, ikkje minst mellom bedriftsleiarane, som lika dårleg det arbeidet Petter stod bak. Vi spør Anne korleis ho opplevde det. Ho vil helst ikkje inn på det feltet, men vedgår at det ikkje alltid var like enkelt. Elles var det ikkje mykje dei samtalte om det offentlege virket til ektemannen. Dei styrte på kvar sine frontar. På heimebane var det Anne som heldt i trådane.

Felles erfaringar

Kjellbjørg opplevde ikkje dei same vanskanene med mannen sitt engasjement. Ho fortel at dei ofte diskuterte det som skjedde på fabrikk:

” Det hende at vi sat langt ut over kveldane og snakka saman, særleg når det var eitt eller anna problem på fabrikk. Om han hørde så mykje på det eg sa, veit eg ikkje, men eg veit at han sette pris på å ha nokon å diskutere med. For Hjalmar var ein som lika å ha kontroll med det meste. Det var nok ein av grunnane til at han vart sliten og ein del plaga av dårleg helse på det siste. Han fekk nokre stressymptom som mellom anna slo ut på hjartet. Legen sa at han måtte roe ned, men det var vanskeleg for han. Han lika så godt det han dreiv på med, og såg ikkje hindringar på nokon kant,” seier Kjellbjørg.

Kjellbjørg Brunstad opplevde at mannen ho hadde delt sitt vaksne liv med, gjekk bort alt for tidleg - i 1974. Hjalmar vart berre 55 år gammal. ”Eg vart heilt slått ut av det som skjedde. Dei første åra levde eg knappast, eg berre eksisterte. I ettertid ser eg at eg levde for mykje gjennom Hjalmar. Eg vil rå alle andre frå å gjere det på same måten. Eg var berre 48 år då han døydde. No ser at eg skulle ha starta på ei utdanning som hjelpepleiar. Eg kunne ha fått mange aktive år i yrkeslivet. Men det vart ikkje. Hadde det ikkje vore for dei gode vennane våre, som var nære heile



Kjellbjørg og Anne

hadde det ikkje gått så bra som det trass alt gjorde. Eg kom også inn i styret i fabrikk, og kjende meg til nytte.”

Sjølv om dei to sykkylvskvinnene fekk to forskjellige liv, og vanka i ulike miljø, er det også mange fellestrekk i liva deira. Begge nemner barnefødslane når vi spør etter dei største høgdepunkta i åra som har gått. Begge har born som har teke solide utdanningar, og bortsett frå Helge, som leier familiebedrifta, har dei alle fått stillingar utanfor heimekommunen. Kjellbjørg har fått seg nytt husvære i Spjelkavik og hadde ein av sine tyngste dagar då ho forlet heimen i Straumgjerde.

Anne held framleis til med ektemannen Petter i den koselege stova på Vik. Dei kan begge sjå tilbake på eit langt og rikt liv. Og takka vere god hjelp frå det offentlege helsevesenet er begge i dag oppegående, og med klare meiningar om det samfunnet dei lever i. Eit samfunn dei har vore med å byggje opp, saman med ektemennene sine.

Per Krokå kom flyttande til Sykkylven frå Eidså i Vanylven som ung mann for å finne arbeid. Han har skrivne artiklar i Årboka om harde oppvekstar som foreldrelaus i 2001 og frå gjenoppbyggingsarbeidet i Finnmark etter krigen i 1999. I denne artikkelen fortel han om industrireising på Ikornnes under og etter krigen. Per Krokå dreiv i mange år møbel-fabrikken Jarnes & Krokå Møbel- og Trevarefabrikk i Sykkylven saman med svogeren Jon K. Jarnes.



Ikornnes Klondike

Av Per Krokå

Klondike

I løpet av eit halvt hundreår har den vesle grenda Ikornnes blitt omskapt frå ein krull med spreidde gardar med bygdeveg under ei låvebru til eit moderne industrisamfunn. I dag er mest ein kilometer av fjøra er attbygd av moderne fabrikkbygningar, badebasseng, parkeringhus, rundkøyring og bru over fjorden. Per Krokå er ein av dei som har vore med heile vegen.

I september 1943 fekk eg telefon frå syskenbarnet mitt Paul Bakke om at det var arbeid å få på Ikornnes. Eg var nettopp ferdig med eit to etasjes murhus i Borgundvåg på Stadt. Eg samla saman det vesle eg hadde av sko, klede og verkty. Midt i krigen var det ikkje mykje å få, men sykkel måtte eg ha som transportmiddel. Denne sykkel kjøpte eg for kroner 85.50. Det var same summen som ein kamerat røykte opp dei tre månadene eg var i Vardø i 1939. Eg brukte den same sykkel til eg kjøpte meg bil 20 år seinare.

Eg kom til Ikornnes ein fredagskveld. Båten "Framsteg", som vart kalla "Kaulå" på folkemunne, landa ved ei kai som hadde sett sine beste dagar. Det skulle vise seg etter kvart at det også var framsteg på land. Det som feste seg først i augene, var alle bakkane med Budasvingane opp og bakke ned, og ein veg som gjekk under ei låvebru. Seinare fekk vi vite at bussen også køyrde under låvebrua. Der var ikkje andre vegar å fare. Då vi hadde kome ut under låvebrua, såg alt betre ut. Eit vanleg stort bustadhus og ei vanleg løe med frukttre og blomster rundt. Dette var huset som J. E. Ekornes var fødd i. Vi fekk ein fin hybel mot sør med plass til tre personar.

Leif Ekornes, bror til Jens, hadde teke over garden. Han hadde gått landbruksskulen på Eidså i 1942, og han hadde fått med seg ei tenestejente som også var frå Eidså, så vi var tre frå same krinsen som kjende kvarandre frå før. Laurdagen var det å møte opp i kokelaget i kjellaren i nabohuset – Minahuset. Der vare dyktige kokkar og dei laga god mat. Blant anna fekk vi servert nise, som Otto Bakke fanga i Hundeidvika.

Dagen gjekk til å gjere seg kjend på den nye staden. Arbeidsplassen var første betongbygget til Ekornes-fabrikken. Byggearbeidet hadde kome i gang året før og var ferdig med ei flatevidd på 20 ganger 30 meter i tre etasjar, i mai-juni 1945. Dette var største huset som nokon gong var reist på Ikornnes. Første sundagen gjorde vi oss kjende i heile Jarnes krins frå bytet mot Erstad til bytet mot Blakstad. Vegen var av enklaste slag, bygd med slusketrille, hakke og spade, spett og handemakt. Vegen var nok laga etter kvart som bruka vart skyldsette eller bygsla.

I 1943 var det 30 - 36 bruk med bustadhus på Ikornnes. Vegen gjekk frå trapp til trapp med nokre stikkvegar i tillegg til Budasvingane som gjekk oppover frå kaia og forretninga. Så vidt eg minnest, var huset til Josef Gjerde det fyrste nye huset som vart bygd etter eg kom i 1943.

På Ekornes Fabrikker gjekk det for fullt med nybygget. Ein del dårleg ver var plagsamt for oss. Veg frå kaia til fabrikk var det ikkje. Når det var flo sjø måtte vi gå over marka. Grasstråa var verdfulle, men med låg sjø gjekk det an å gå fjøra. Vi som budde i Olagarden, måtte gå over markane til naboane for å kome til kokelaget. Vidare til arbeidsplassen gjekk langs sjøvegen til grunneigarane og to breie plankar over elva nedanfor to sagbruk. Dette var ingen spøk i storm og regn og stor vassføring. Når dagen var slutt, var det same vegen tilbake.

I 1944 hadde eg og ein ørsting hybel i kjellaren til Petrine og Jens E. Ekornes. Då gjekk det ei rås i bein line frå hybelen til kokelaget rett over der rundkøy-ringa ligg i dag. På det nye betongbygget var det store vidder å fare over med murskei og pussebrett. Karl Johan Ludvigsen laga beste mørtelen. Sement kom til eiga kai og sanden kom frå Erstad. Kring slutten av krigen vart det byrja på ny veg over Ekornesgardane med bru over elva. Vegen skulle halde fram over Jarneshaugen nedanfor stabburet på Bruk nr 1. Vegen byrja å stige ut til Budasvingane og Kaivegen. No vart sjøvegen for Ekornes-sagene utvida til sjøen. Då var Ekornes Fabrikker redda med bru for landtransporten. Dette vart ei ny tid for industrien.

Våren 1944 var det kranselag på nybygget hjå



Ikornnes anno 1943.

Stor ting har skjedd i Ikornnesfjora dei siste seksti åra, viser bildet med den nye fabrikk til Ekornes og Sykkylvsbrua, som knyter Sørestranda til sentrum.



Petrine og Jens Ekornes. Vi hadde fått tak på bygget og det var berga for ver og vind. Eg fekk då jobben med å setje opp tre svingtrapper i betong. Vi hadde ikkje fått teikningar av trappene frå arkitekten. Det vart rekvirert straks. Når teikninga kom, viste det seg at ganglina var ein meter lenger enn utsparinga i betonggolvet.

Byggmeister og byggherre Jens bestemte at trappa måtte lagast så godt som råd. Trappene gjekk frå dør nede til dør oppe. Eg teikna og byggmeister skulle godta. Han såg på oppslaget og svinga seg rundt. Nei, dette får du Krokå styre med, sa han, og så gjekk han. Trappene var litt av ein tabbe, men dei står der den dag i dag.

Det neste var å få opp ein heis for intern transport. Ved montering av heisa var kjenning inne i heise

huset. Han kom bort i ein leidning og kom mellom golvet i heisen og betonggolvet. Ingen kunne forklare korleis han berga livet.

Hausten 1944 skjedde det mykje bak nedrulla gardinar. Det kom ein båt utan lys og la til kaia ved fabrikkene. Vi to som låg i kjellaren hjå Jens Ekornes hørde at noko var på gang oppe, men svevnen tok oss tilbake til draumeland. Morgonen etter, då kom vi på jobb viste det seg mange kasser på ein kubikkmeter og tunge som bly. Desse stod der til krigen var slutt.

Med nybygget gjekk det fort framover. Var det dårleg ver, hadde vi fullt opp å gjere inne med muring og pussing. I godver hadde vi nok med å pusse heile fabrikkene utvendes. Dei andre gjorde klart i andre høgda for

kokelag, med kjøkken, soverom for kokke og spisesal. Eit lag gjorde klar for snikkarar, mekanisk og produksjonen kom i gang for fullt. Ute i verda såg det ut for å gå rette vegen med krigen og 8. mai 1945 om morgo-nen hørde vi radioen frå Severingarden og flagg gjekk til topps.

Dette var ein gledens dag for alle. Vi sprang opp på taket alle som ein. Der song vi Fedrelandssongen. Harald Ulvestad frå Lauvstad heldt tale for dagen. Han hadde sikkert skrive han på førehand. Om kvelden vart det samling på ungdomshuset og det handtrykket eg fekk der, gløymer eg aldri.

Frå denne dag vart det optimisme over alt og ikkje minst hos Jens Ekornes og co. Han hadde ein bil han hadde fått før krigen "ei boble" han hadde køyrt bilen fram i den gamle Stampa og skrudd av hjula. No vart hjula leita fram att. Sidan vart det mange turar med denne bilen. Neste trekk på fabrikkområdet var å fjerne gamlefabrikken på sju ganger femten meter i tre etasjar for å gi plass til eit nytt betongbygg. To stordalingar tok jobben. Nokre veker seinare var huset flytta nokre meter i god avstand vest om nybygget.

I slutten av juni ringde syskenbarnet mitt, Jon Eidså om og spurde om eg kunne vere med å gjenreise eit fiskebruk i Kjøllefjord. Etter konferanse med Jens E. Ekornes gjekk dette i orden, men eg måtte love å kome tilbake snarast. Eg kom tilbake i desember for å ordne diverse saker. Så var det så starte på andre januar. Her var framleis rikeleg å gjere. På fritida utover vinteren gjorde eg klar tegning med materialliste for eit lagerbygg til Kjøllefjord. Under krigen var det nesten ingen ting å få av verktøy. Firmaet i Ålesund måtte skaffe oss det. Vi fekk beskjed om å besøke K. P. Aarskog A/S. Der stod kassene vi hadde sett på Ikornnes med god førkrigs vare.

Utover vinterene var det mykje pussarbeid å utføre både innvendig og ute. I februar kom Jens med spørsmål om eg kunne tenkje meg å bu på fabriken og halde tilsyn med huset. Det hadde hendt noko han ikkje likte. Eg fekk meg eit rom ved sida av kjøkkenet. Ved sida av heisehuset var det laga til ein hybel for ein mann. Eg måtte rykke ut med ordensreglane i glas og ramme for å få ro i fabriken.

Elles gjekk dagane fort. Helgane og kveldane var det triveleg med godt miljø. Studiering, losjemøte og festar. Utover mot mai 1946 vart eg godt kjend, særleg med Jon Jarnes. Han hadde arbeidd i fleire år hos Ekornes og på fritida knoga han i eigen kjellar. Før eg reiste andre året til Kjøllefjord, var tanken fødd om firmaet Jarnes & Krokå. Eg var då forlova med syster hans. 19. mai landa eg igjen i Kjøllefjord. Der var det

uavgrensa med arbeid, 11 timar fem dagar i veka og fem timar på laurdag. Eg hadde med meg sju - åtte mann frå Vanylven, med Jon Eidså som ny kontorsjef. Fritida var fylt med tankar om eigen fabrikk ved Rongavika. Teiknebrettet var ofte på bordet og planane forma seg litt etter kvart framover hausten. 26. oktober 1946 landa eg for godt på Ikornnes for å realisere planane mine om fabrikk (Sjå s. 260 Industri-soge for Sykkylven.)

Det gjekk bra i to-tre år, så melde det seg krav om transport over land. Utviklinga gjekk fortare enn venta så eg tok kontakt med Jens Ekornes. Han var også interessert i ny veg mot Hundeidvik frå Budasvingane. Han tok kontakt med ing. Nes, som var vegsjef for Møre og han kom straks. Vi starta frå nybrua på Ikornnes i lag med grunneigarane som også var involverte i prosjektet. Vi gjekk den før oppstukne lina nedanfor stabburet til bruk nr. 1 rundt Jarneshaugen og over bøane og ut gjennom skogen til Blakstad, men då vart det stopp. Vi møttest ved brua på nytt og laga nye planar. Avtalen vart slik om vegen ligg i dag.

Neste problem var vatn til fabrikkane, gardane og dei nye arbeidarar som byrja å kome. Våren 1949 møttest ti- tolv personar for å få i gang eit vassverk, og på hausten vart Sagfossen tinglyst og registrert. Dette var vel det første vassverket i bygda. Dei første protokollane manglar. Om nokon skulle kome frampå dei, bør dei kontakte Rolf Dyb på Ikornnes.

Vassverket var ei viktig sak for utvikling i bygda. Hos Ekornes Fabrikker kom det nye planar på løpande band. I tillegg kom P. O. Jarnes Møbelfabrikk først i femtiåra, ny skule på Hellen i 1957-58, gymsal bygd med stor dugnadsinnsats, Gjerde Møbler i 1957, Konrad Gjerde i 1970. Kyrkja vart bygd i 1976-78 med over tusen dugnadstimar. Kring 1995 byrja Ekornes Fabrikker med ei stor utbygging. Ca 750 meter sjøline nedanfor fylkesvegen er utbygd. Det største som skjedde var i år 2000, då vi fekk både Sykkylvsbrua og eiga rundkøyning.

Der er eit lite gardsbruk på Ikornnes som vert kalla Dike. Kanskje er det ein idé å kalle Ikornnes opp etter det - rett og slett Klondike?



Hugsar du Dagny Rønnes Moteforretning? Den trivelege hattebutikken i sentrum der jenter og damer alltid stoppa opp for å beundre det nye på lue- og hattefronten. Dagny Rønnes, ei aktiv dame som ofte er å sjå på sykkelen sin, feira 80-årsdagen sin i sommar. Årbokredaksjonen har oppmoda henne om å fortelje litt om modistyrket og frå den tida ho drev butikken.

Dagny Rønnes Moteforretning

Av Dagny Rønnes

På den tiden jeg vokste opp måtte vanlige ungdommer sørge for å få seg en yrkesutdannelse. Hvis man skulle bli noe "stort", måtte man ha ekstra godt hode, altså gode skolekarakterer i alle fag, eller ha velstående foreldre. Ingen av delene passet på meg, så løsningen måtte bli å pense meg inn på et yrke som jeg kunne leve med og av.

Mamma var fra Skodje. Hennes ene søster drev moteforretning i Ålesund som gikk svært godt. Før siste krigen hadde hun seks ansatte damer. Hun var en velstående dame, men hun var barnløs, så formålet var at jeg skulle få min utdannelse som modist hos henne og senere overta hennes forretning. Slik gikk det også til slutt, men da var jeg gift i Sykkylven og drev min egen forretning.

Utdannelsen min varte i fire år. Det første jeg måtte lære var å feste kantebånd usynlig for hånd inne i hattene. De mer krevende oppgavene kom etter hvert. Basismaterialet i damehatter kalles for capeliner og stumper, bortsett fra i stråhattene. Disse ble levert i flere kvaliteter; mellom annet i bomullsfilt, fløyelsfilt og det fineste - antilopefilt. Basismaterialet så ut som en flatklemt oval pose før det ble bearbeidet. Disse skulle trekkes ned over en elektrisk varm hodeblokk med et fuktig klede mellom blokken og capelinen. Deretter kom kunsten med å kreere hattene. Man måtte ha livlig fantasi og være flink til å sy hatter som var fjonge og godt salgbare.

Så gikk prosessen sin gang med pynting: bånd, sløyfer, slør og fjær. Det var interessante og givende år.

Jeg vil ta med en liten episode fra min tantes butikk i Løvenvoldgata 7 i Ålesund: En gang i krigsårene kom en god gammel kunde fra Giske med en stor, vid hatt som hun ville ha forandret fasongen på. Den så som sagt stor og flott ut, men da førstedamen, hun som var flinkest til å sy, begynte å presse på hatten, krympet den og ble ikke større enn en liten spisspose. Snakk om sint dame da hun så resultatet. Det hjalp ikke om min tante forklarte at det var dårligste sort cellulul i hatten og at den ikke tålte fukt og varme. Hun strente direkte opp til Løvenvoldbygningen, der politikam-

meret holdt til, og ville anmelde min tante. Men hun ble sikkert ikke tatt alvorlig, for vi hørte ikke mer. De hadde vel mer graverende saker å ta seg av. Sånn var det den gangen.

I 1945 var jeg utdannet modist og hadde lyst til å se litt mer av verden. Mamma var heldig og hadde noen bekjente som skaffet meg jobb i en anerkjent moteforretning på Stureplan i Stockholm. Senere var jeg i et annet firma. Høsten 1947 kom tante Nico til Stockholm og overtalte meg til å begynne hos henne igjen. Samme høst ble jeg kjent med Per Rønnes fra Sykkylven. Vi giftet oss i 1948 og flyttet til hjembygda hans.

Egen butikk

I 1953 løste jeg handelsbrev og registrerte butikken under navnet Dagny Rønnes Moteforretning. Det første butikklokalet jeg leide var i gamle ærverdige Sparebankhuset. Ettersom det bare var ett rom, monterte jeg opp et slags forheng eller portiere, og bak dette satt jeg og sydde nye og reparerte gamle damehatter. I 1955 kjøpte vi Karlsenhuset (som er det som går under navnet Røneshuset i dag) og flyttet butikken dit.

Arbeidsmetodene var de samme fra jeg begynte i 1938 til jeg sluttet i 1985. Grunnmaterialet var også det samme for både strå- og filthatter. Det som skiftet var motene og kreasjonene. Etter som tiden gikk, ble det mindre og mindre etterspørsel etter hodeplagg. Jeg husker ikke nøyaktig årstall, men fram til 1950-60 årene blei det lagt merke til om man gikk i kirken uten hatt. Nå er det motsatt.

For min egen del fikk jeg min første hatt til konfirmasjonen i 1938; det var en mørkeblå matroshatt kantet med røde siksak-bånd. Jeg bestilte varene mine fra de samme grossistfirmaene som moteforretningene i Ålesund. På grunn av at det ble mindre og mindre etterspørsel, sluttet også de gamle anerkjente motefirmaene produksjonen. Noen gikk vel konkurs. Av de seks - syv firmaene jeg handlet med, tror jeg det bare er ett igjen nå.

Blide og festlige

Kundene mine var primært fra Sykkylven, men også fra



Dagny viser fram ein hatt i forretninga si: Dagny Rønnes Moteforretning.

nærliggende steder som Stranda, Hellesylt, Hornindal og Magerholm. Disse kundene kjente jeg igjen. Ellers hadde jeg litt kunder både fra syd og nord, ofte tilreisende på besøk i bygda.

Det var for eksempel en gruppe mannsangere fra Øst-Europa som holdt konsert i Sykkylven. De gangene de var her i distriktet, kom de innom butikken min og kjøpte pelshatter som skulle være av absolutt førsteklasses kvalitet. Det var de heldigvis; fineste sort minkskinn, håndsydde med silkefor og som regel med firma-merke. Prisen var høy, ca.1000 kr.

Jeg husker forresten en gang jeg var i Ålesund og tok ut varer hos en forhandler som hadde utpakning på Hotell Norge. Min datter, Synnøve, skulle passe butikken. Da kom de østeuropeiske sangerne innom, fire i slengen. Hun ringte til meg der ute og spurte hva den korrekte betegnelsen på engelsk var på den pelshatten som sto på "damen" med pannelugg i vinduet (gipshodene som hattene ble utstilt på ble kalt "damer"). Dette var en rødrevshatt, så jeg svarte at red fox skulle vel være korrekt. Det var disse herrene ikke helt enig i, men de kanskje bare ertet henne. Kjøpte hatten gjorde de i alle fall.

De varene jeg handlet med var til damebruk: hatter, luer, skjerf, hansker, paraplyer og sånt småteri. Det kom en liten prosent av mannlige kunder innom som skulle kjøpe presanger. Det som forbauset meg var at de var så kvalitetsbevisste. Det de kjøpte, skulle holde mål, og de prutet aldri.

Noe jeg har tenkt over i den senere tid, er at det var ingen forskjell på kundene. Alle hadde penger til å


kjøpe seg kledelige hodeplagg. Damene var blide og festlige når de kjøpte hatter. Enkelte syntes litt synd på meg og trodde at det var en blandet fornøyelse å selge hatter. Men det var det ikke. Det var kjekt. Det kunne kanskje være litt vanskelig hvis de hadde ektemannen sin med seg for å vurdere. Da var han ikke alltid like god å gjøre til lags.

Ti kroner hatten

På 1930-40 tallet lå prisene på damehatter mellom 8 og 12 kroner og da var det vanlige presentable håndsydde hatter av god kvalitet. Tanten min i Ålesund hadde en kundegruppe som hadde blitt fornærmet om man hadde vist fram disse hattene. De var interesserte i modellhatter, som det bare var en kreasjon av hver og som kostet det fem- eller sekstobbelte. Om hun hadde våget å selge maken til noen andre, hadde hun i bestefall mistet en god kunde. De siste årene jeg drev butikken lå vel prisene per hatt fra ca. 160 kr. og oppover.

Ellers kan man vel si at jeg drev en enmannsbedrift. Jeg hadde litt hjelp dann og vann, men hadde ingen fast ansatt bortsett fra ett års tid. Hvis jeg for eksempel skulle ut for å kjøpe nødvendige varer, måtte jeg sette en lapp på døren med beskjed om at "jeg er straks tilbake".

Til slutt må jeg føye til, helt ærlig, at alle kundene mine var alle tiders, festlige og blide. Om jeg var riktig kvinne på riktig sted med hensyn til yrke, vet jeg ikke. Man får bare gjøre så godt man kan i sin egen livssituasjon.



Petter Kursetgjerde er ein av dei flittigaste bidragsytarane i Årbok for Sykkylven. På sin korthogne måte gir han oss minneglimt frå livet sitt. Vegen frå dei fattige stovene han hugsar frå sin barndom til dagens velferdsamfunn er som eit under som knapt har hendt, skriv han i denne artikkelen.

Frå plassemannsstova til velstandsliv

Av Petter Kursetgjerde

Hytter og hus, men ingen borge. Slik skildrar Bjørnstjerne Bjørnson Noreg. Men nokre borge var vel her og. Kanskje var desse borgene årsaka til alle desse hyttene.

Frå vår barndom hugsar vi alle dei små umåla husa fulle av ungar, kårfolk og sjølvfolk. Ungane, ti tolv stykke, låg mest i ein dunge om natta der det stakk ut føter eller ansikt. Dei vaksne fann seg ein plass der det gjekk an å krøkje seg ned. Vatn bar det anten frå brunn eller bekk. "Skølvatnet" ga dei til krøtera, dersom dei hadde det. Do hadde dei ikkje, men noko dei kalla "dyngje" der dei kasta alt avfall, ja, dei gjorde og sitt naudsynte der, men dei hadde ein molddunge i nærleiken som dei jamna over med, og dette vart fin potetgjødsel.

Men åra gjekk, ungane voks fort, og dei vart tidleg nøytt. Dei eldste passa dei yngre, og dei yngre arva både klede og skor frå dei eldre, og i ni-ti-års-alderen måtte dei hjelpe til med gardsarbeidet. Vi må tenkje på

at her var det ein flokk menneske utan noko slags vern. Ikkje sjukekasse eller lækjar. Distriktlegen budde på Ørskog, men sjølv sagt var det ingen som hadde råd å søkje han. Vart han bodsend, var det det same som at nokon var døyande. Det hende at ein eller annan kraftkaren stod over lungebetennelse dersom han greidde seg i ni døgn, for det var det kritiske punkt.

Ingen hadde råd til å gå til tannlegen. Tannpuss var ikkje kjent. Berre tannverk kjende dei til, og det var ofte ein såg unge jenter og gutar tannlause. Men det verste var nok ungdomssjukdomen tuberkulose. Det var mest som ein svartedauden. Det var vel kanskje ei overgangstid mellom det gamle naturhushaldet til handelshushaldet. Folk hadde ikkje så mykje greie på sikringkost og heller ikkje i klesvegen. Kjøpematen hadde vel ikkje dei næringverdiar som heimelaga bondekost. Særleg jentene ville vere byfine og fraus i kjøpestasen. Det var ofte fleire i kvar huslyd som døydde.

Det var trist å fylgje til kyrkjegarden med ein frå kameratflokk. Det var båt til Aure, og eit par karar gjekk ut i kyrkja og ringde med klokkene medan dei bar kista frå kaia og ut. Det var ikkje noko samkome inne i kyrkja og ein måtte sjølv grave grava. Det kunne vere vanskeleg dersom det var snø eller tele, men

grava var ikkje meir enn ein meter djup. Ofte kom dei ned på restar av nokon som låg der før.

Presten var ikkje til stades, så den såkalla jordfesting vart gjort på ein avtala preikesøndag. Då kunne ein høyre kyrkjesongar Frøysa si sterke røyst: "Bedre kan jeg ikke fare enn å fare til min Gud", endå det kunne vere ein ungdom i sitt gryande liv. Foreldra var heilt apatiske, men dei fann seg i det. "Det var so laga" og så trøysta ein seg til ein Gud som var så kjærleg og ville det slik. Då som no var det mange trusretningar. Vi har lese Garborgs "Fred". Målet var å kome inn til den evige sæla for dei som trudde, men liding og svovelpøl for dei som gjekk seg vill.

I 1913 braut den første verdskrig ut. Eg kan hugse litt av dei siste åra. Far var med i ei slags forsyningsnemnd, og ein gong fekk eg vere med han på møte: "Der er en som treng kake," sa ein til meg. Det vart bestemt at ein skulle kjøpe inn eit lager av kveitemjøl, og det vart lagra på eit nedlagd meieri. Men det vart berre eit musebol av alt mjølet.

Så hugsar eg dagen då krigen var slutt. Det var mor som hadde høyrte det, og ho var så glad i røysta. Så byrja eg på skulen. Men første dagen fissa eg meg ut berre fordi eg ikkje torde å be om å få gå ut. Og som sju-åring måtte eg hjelpe til på garden. Det kunne vere til å hogge ved, men då hogg eg nesten av meg tommelen. Det mest keisame var å plukke småstein av nyattelegg. Å gjæte sauene om våren på sætra så dei ikkje for heimatt og snaugnaga nybøen, var det verste eg visste.

I niårsalderen måtte eg hjelpe til å slå småhøy, men ein ting syntest eg var kjekt, det var å spa torv. Det var mellom vår- og slåttonn, og det var som heile naturen sprang ut. Det var gryande vår, og sauene var ny-slepte og skrangla med bjølla, og lamma gret etter mor si. Det var einaste gongen eg høyrde lerka som steig mot sky med sin mekrande lyd. Så var eg på fiskearbeid. Det var til å stable turrfisken om bord i noko vi kalla "fiskebrye". Det var godt og friskt arbeid. Seinare var eg om bord i store skuter med saltfisk som kom frå Lofoten eller Finnmark. Det var eit slit, men eg likte å tene pengar.

Omsider vart eg "lesarunge". Då lærde eg mange ting som eg aldri fekk bruk for, men med litt sjølvstudium fann eg ut at alt som vi hadde lært, ikkje var naturleg. Bibelsoga var forresten ei fantasirik forteljing med sine

mange overnaturlege ting og vi fekk David til idol. Tenk den vesle gjetarguten felte den store kjempa Goliat som ingen torde å gå i mot, og Samson og Dalila og alle filistrane! Omsider vart vi konfirmerte, og vi hadde fått inn ballast til livet.

Dei fleste unngutane byrja på sjøen, men det var ikkje mykje å leve av. Båtane var små, somme hadde ikkje rorhus ein gong. Dei hadde vel knapt nok kompass. Dei sa at dei kjende lyden av alle fall på havet, så dei visste nokolunde kvar dei var. Men ein kveld med storm og snøkave gjekk ei båt seg opp på eit fall ute ved Grasøyane. Dei fleste kom vekk. Ein ung gut på 16-17 år var med for første gong. Han klora seg fast i masta, og der låg han og ropte på mamma heilt til han sleppte seg. Det var midtvinter. Tidleg pinsedagsmorgonen kom naboen inn til oss og var litt skjelven og fortalde at der hadde drive i land eit lik nede i fjøra.

Lensmannen vart varsla, og han kom, ein retteleg brysk kar. Han hadde kvitt hår og skjegg og røykte langpipe. Han hadde med seg ein sekretær, som såg meir folkeleg ut. Dei hadde teke med seg ei strømpe og ein lommeduk, men liket hadde lege så lenge at det var vanskeleg å identifisere han. Men mor til guten visste han hadde ein føflekk på ryggen, og det stemte. Ei grusom tragedie, men folk hadde ei bergfast vilje om at det var Guds vilje. Det var deira trøyst.

I 1929 tok eg til på snikkarlære. Det var mor som ville det slik, og læra skulle vare eit år. Dermed vart eg vekependlar! Eg reiste heim kvar laurdagskveld og for attende måndag med niste til ei veke. Eg lærde gamaldags snikkering. Det var høvling, fuging, liming, sinking og grating. Det var keisamt i byrjinga, for eg var ikkje van å vere inne, men det vart til fine ting vi laga og det var kjekt å sjå. Etter læra var det ikkje noko å ta fatt på, men eg laga ymse ting som eg syntest vi trong heime, og smått om senn kom folk og ville at eg skulle lage ting åt dei. Det kunne vere bord og stolar, skap og elles ting som folk trong.

Seinare var eg på bygningsarbeid på Stranda. Der fekk eg mat og hus og eit skopar som kosta 17 kroner, men pengar til billett på fjordabåten hadde eg ikkje. Difor tok eg føtene fatt og gjekk heimatt. Eg gjekk Hevsdalen og brukte ti timar. Dagen etter gjekk eg på Skopshornet, og eg kan ikkje hugse at eg var låk i føtene!

I 1935 kjøpte eg ein aksje i ein nystarta møbelfabrikk. Det kosta 1000 kroner, men då var ein sikra arbeid. Etter dagens pengekurs ville det verte ein veldig sum. Seinare ved generalforsamling vart det vedteke å selje aksjene til private, men vi hadde faste arbeidsplasser. Vi var nok litt "heimalne" begge partar, så noko samarbeid var det ikkje. Timeløna var 60 øre, men det meste gjekk på akkord. Styret var suverent og bestemte alt. Avtaler og reglar fanst ikkje, alt var "heimelaga".

Arbeidarane var bondesøner og hadde gått heime og levd på foreldra, men no måtte dei flytte og bo på hybel og ete på kafé, så løna strakk nok ikkje alltid til. Kanskje var der nokon som fantaserte om å gifte seg, bygge hus og få familie, men det vart ein ønskedraum, og vare beste år ville renne ut i sanden.

I 1940 kom krigen, og vi fekk fem års undertrykking. Vi vart sende til å kjempe mot verdas sterkaste krigsmakt, sjølv sagt vann vi ikkje noko med det, og mange unge gutar miste livet både heime og ute. Alle ting vart

rasjonert, og det vart strenge reglar for overtramp. "Skutt blir den" som gjer det, og "skutt blir den" som ikkje gjer det. Der var surrogat for alle ting, mjølet var det ikkje råd å steike brød av. Det var krisemjøl, men vart kalla fisemjøl! Kaffi, kalla sisu, var ei forferdeleg blanding av humle og løvetannrot. Tobakk var visst laga av potetkål, brennesle, og einebork som laga ein fælsleg os i alle hus. Gravide kvinner fekk av ein eller annen grunn kveitemjøl, kanskje dei tenkte på nye soldatar! Dei som hadde noko å byte, "kliring", fekk seg andre ting i staden. Der var sagtens Svartebørs, men prisane var berre for rikfolk. Folk hadde ikkje bensin, men dei sette ein ovn i bilane som med litt fikseri laga oreded om til gass som greidde å få motoren til å gå.

Men så kom 7. mai, og krigen var slutt. Landet gjekk rett av hengslene av jubel og glede. Ein stor radio var plassert midt på taket av bensinstasjonen, og der stod folk og lytta på London utan trussel om straff. Blendingsgardinane gjekk opp i flammor og røyk. Folk jubla og song og ropte: "Vi er fri, fri, fri!" Dei opna dørene til ungdomshuset. Distriktslegen sette seg til pianoet, og folket dansa i glede. Men landet låg i ruinar: sønderbomba byar, heile Finnmark brent, kvar ei flis. Skipsfloten, jarnbanen og alle framkomstmiddel var nedslitne og forsarva.

Mange unge menn fengsla og avretta utan dom, torturerte til døde. Folk mangla klede. Dei gjekk oppattsydde og bømte.

Berre fjella var dei same, men mellom fjella budde eit folk som hadde berga landet illegalt. No galt det å ta til på nytt. Krigen hadde lært oss å stå saman. Vi såg kor nyttig det var dersom alt skulle funke. Det vart eit mjukare tilhøve mellom klassene. Det vart samarbeidsånd og respekt. Vi lærde at vi alle er menneske.

Det er som eit under som knapt har hendt og vi ser kor det verkar når årsaka til ufred berre er hemn. På ein mannsalder har dette vorte til, frå plassemannsstova med ungeflokken utan noko sosialt vern, der svolten, var like utanfor nova - til verdens rikaste land med overflod, med postkassene fulle av reklame for ting som ikkje nokon veit kva skal brukast til.



Arnold Weiberg-Aurdal er tidlegare ordførar og stortingsmann frå Sykkylven. No er han pensjonist, men er aktiv i foreiningslivet og ein flittig bidragsytar til Årbok for Sykkylven.

Sosialminister frå Straumgjerde

Av Arnold Weiberg-Aurdal

Ole Strømme frå Straumgjerde utdanna seg som lærar, men vart også bonde, lensmann, ordførar, stortingsmann og sosialminister. Han var også den drivande krafta bak Sykkylven Energiverk i dei tronge tidene under første verds-krigen.

Eg høyrer til den aldersgruppe som har nådd mimre-alderen, og som gjerne liker å friske opp att minne frå barneåra. Eg har av og til i skrift og tale trekt fram og omtalt personar som eg har kome i kontakt med i barneåra. Det er gjerne personar som har markert seg på eitt eller anna vis og som difor har festa seg i minnet mitt. I år er turen komen til Ole Strømme som eg møtte i mine barneår, særleg frå eit samvær i Lassegården på Nysæter i fyrste halvdel av 30-åra.

Før far kjøpte Lassegården på Nysæter i 1935, budde familien min ofte hjå Lovise, Gurine og Karl Nysæter om somrane. Ein søndag kom lensmann Ole Strømme på vitjing, og vi samlast i storstova i Lassegården for å innta eit måltid med "åfallrengje" som vart servert i store brune krusfat. Vi var sessa rundt eit stort bord og åt av fatet frå begge sider av bordet. Strømme fortalde at han hadde skyldfolk i Lassegården og at han med jamne mellomrom hadde vore i kontakt med huslyden der inne. Far og Strømme var gode vener, og eg hugsar at far fortalde at han ein gong rykte ut med eit innlegg i Sunnmørsposten til forsvar for statsråd Strømme når kritikken mot han vart for usakleg og urimeleg. Eg var sjølvsagt for ung til å oppfatte så mykje av samtalen rundt bordet i Lassestova, men kan berre nemne at eg framleis sit att med eit visst inntrykk frå samværet.

Eg har seinare hatt interesse av livsløpet og lag-naden til Strømme, då vi på mange måtar har ferdast i det same miljøet og hatt mange av dei same tillitsverva i samfunnet.

Kven var så Ole Strømme?

For den eldre generasjon kan det vel virke litt malplassert å stille dette spørsmålet. Men den yngre slekt har vel neppe kjennskap til denne personen og den samfunnsinnsatsen han utførte. Strømme vart fødd i Pål-gården på Fet i 1876 og voks opp på plassen Reiten



Ole Strømme frå Straumgjerde utdanna seg som lærar, men vart også bonde, lensmann, ordførar, stortingsmann og sosialminister.

ved foten av Straumshornet. Foreldra var rosemålaren, høvedsmannen og fiskaren Ingebrikt Strømme og kona Severine Drotninghaug frå Bødagården på Drotninghaug.

Ole Strømme hadde gode evner og ville gå skulevegen. Han hadde lærarskuleeksaman frå Stord seminar og fullførte også den høgare lærarprøva. Dei første par åra var han lærar i Bremanger og kom til heimbygda i 1897. Her var han lærar i framhaldskulen og i ymse krinsar av barneskulen, til han vart lensmann i Ørskog og Sykkylven i 1919. Frå 1911 til 1919 var han ordførar i Sykkylven, så vidt eg veit den yngste ordførar Sykkylven har hatt. Og før det vart han i 1899 skulestyreformann, og det vart sagt at han var den yngste skulestyreformannen i landet. Strømme sin store bragd som ordførar var å gjere opptaket til å kjøpe og bygge



Ole Strømme var medlem av Kyrkje- og undervisningskomiteén i Stortinget. Foto frå ca. 1932..

ut Riksheimfossen og etablere Sykkylven kommunale kraftverk på Riksheim. Tiltaket vekte stor bygdestrid. Mange meinte at det var galskap med ei så stor investering i ei dyrtid og krisetid under første verdskrigen. Eg har bladd gjennom 70-årsskriftet til Sykkylven Kommunale Energiverk, og er imponert over det pågangsmotet og optimismen som rådde blant føregangsmennene for kraftverket vårt. Og det var ordførar Ole Strømme som stod i brodden for dette arbeidet og var den drivande kraft. Han gjekk med full styrke inn for å løyse kraftspørsmålet på kommunalt grunnlag. Han var ein klärtenkt og handlekraftig mann. Vart han overtydd om ei sak, la han all si kraft, innsikt og overtalingssevne for det han meinte var rett.

Det måtte eit omfattande førebuingsarbeid til for å vinne opinionen, i fyrste omgang å få grunneigarane til å gi fri grunn til leidningsnettet og til fri stolpegrunn. Dernest var det å få eit oversyn over kor stort salet av kraft ville bli. Det endelege slaget stod i kommunestyret. Men før saka kom opp i kommunestyret, fekk Strømme fylkesmann Oddmund Vik til å kome på eit folkemøte i ungdomshuset på Aure og tale om kraftutbygginga.

Ungdomshuset var fullsett då fylkesmannen gjekk på talarstolen. Han tala slik at heile møtelyden vart oppglødd for saka. Eit resultat av det vellukka møtet var at mange fekk lyst til å reise til Ørsta og sjå kraft-

verket som var bygd der. Dei leigde "M/B Aure" til turen, og om lag 100 mann var med.

Oppgjer i kommunestyret

Kommunestyret gjekk samrøystes inn for å kjøpe Riksheimfossen, og vedtok også med 14 mot 6 røyster å bygge kraftverk. Det vart eitt av dei kvassaste ordskifta i Sykkylven kommunestyre til då. Dei som hadde gått inn for privat vassverk ved Aure-elva, gjekk hardt imot Strømme, men ingen kunne stå seg imot Strømme i ordskiftet. I denne saka var Strømme den suverene sigerherren.

Han var ein framsynt mann med mange interesser, og han fekk løyst mange viktige saker også i tillegg til kraftverket. Såleis arbeidde han for daglege båtruter Straumgjerde - Ålesund. Utanom dei kommunale gjere-måla, var han også ordførar for representantskapet i Sunnmøre Meieri og styreformann i Møre Felleskjøp. Han la ned eit stort arbeid i ungdomslag og fråhaldslag, og han var kjend som ein dugande foredragshaldar.

Frå 1906 var han eigar og brukar av gard i Straumgjerde, og her var også lensmannskontoret i Ørskog og Sykkylven. Han bygde både stovehus og løe på bruket og dyrka opp storparten av innmarka.



Ole Strømme frå Straumgjerde var sosialminister i Mowinchels tredje regjering. Fremst frå venstre handelsminister Lars O. Meling, landbruksminister Haakon Martin Five, Statsminister og utanriksminister Johan Ludvig Mowinckel, arbeidsminister Ole Monsen Mjelde, finansminister Per Berg Lund. Bak frå venstre kyrkje og undervisningsminister Knut Liestøl, justisminister Arne Sunde, forsvarsminister Jens de Lange Kobro og sosialminister Ole Nicolai Strømme.

Tingmann og statsråd.

Venstre valde Strømme inn på Stortinget i 1931 etter at han hadde vore varamann frå 1922 til 1930. På Stortinget var han medlem av Kyrkje- og undervisningskomiteen.

I Johan Ludvig Mowinckel si tredje regjering frå 3. mars 1933 til 20. mars 1935 vart han sosialminister til han gjekk av 28. oktober 1933 på grunn av sjukdom. Statsrådtida var ei hard påkjenning for Strømme. Å vere sosialminister var ein uriaspost i ei ulvetid både for landet vårt og storparten av verda. Særleg utsett er statsrådene i ei mindretalsregjering som regjeringa Mowinckel var. Strømme møtte motbør både frå opposisjonen i Stortinget og frå eige parti.

Mi røynsle etter 16 år i Stortinget er at særleg nye og relativt urøynde stortingsrepresentantar, som Strømme måtte seiast å vere, får eit ekstra press på seg i ein regjeringssituasjon. Avisene var fulle av ukvemsord og grunnlause rykte og sladder. Det var ikkje grenser for kor langt kritikken kunne gå, og slikt må få personlege konsekvensar, same kor robust ein er. Strømme måtte søkje legehjelp, og legane rådde han til å ta det med ro ei tid. Strømme bestemte seg då for å gå ut av regjeringa. Dette skjedde i oktober i 1933. Han døydde på Diakonhjemmets sykehus i Oslo i 1936, 60 år gammal.

I Stortinget heldt presidenten, Magnus Nilsen, ein vakker minnetale over Strømme. Han sa m.a. at Strømme alltid hadde vore ein samvitsfull og plikttru mann i sitt mangearta offentlege virke, og han skjøtta sine mange gjeremål i kommune, fylke og stat med den største interesse. Møreprerentantane fylgde Strømme si bære til Østbanestasjonen, for å vise han den siste ære.

Det var "M/B Rovdehorn" med sin kaptein Peter Erstad som førde båra til Ole Strømme frå Ålesund til Straumgjerde. Då båten gjekk inn Sykkylvsfjorden på Strømme si siste ferd, var alle flagg i bygda på halv stong til ære for den døde. Og bygdefolket stod utanfor husa for å heidre og ta avskjed med sambygdingen. På kaia i Straumgjerde var det samla mykje folk, og dei fylgde båra frå kaia og opp i Strømmegarden. Ole Strømme si gravferd var heilt utanom det vanlege, med eit blomsterhav og ei deltaking som bygda var ikkje hadde sett maken til. Dette synte at Ole Strømme var ein avhalden mann, ikkje berre i bygda vår men i vide krinsar, også på det nasjonale plan, og ein person alle sette stor pris på og såg opp til.

Kommunikasjonsformer

Rapport frå Sykkylven Sogenemnd

Sykkylven Sogenemnd fekk ein tung start på dette året. Onsdag 13. januar brann eine fløya ved Sykkylven ungdomsskule ned. I eit rom i dette bygget hadde sogenemnda førebelse lagerlokale etter at vi få veker tidlegare måtte flytte ut frå vårt tidlegare lager på Trygde-bustadene på grunn av ombygging. Alle bøkene som var plasserte i rommet på ungdomsskulen vart øydelagde under brannen. Kjeldearkivet vårt var i dei same lokala. Dei vart brannskadde, men gjennom stor dugnadsinnsats av Tor-Willy Strømme og medlemmer i Velledalen Sogelag, vart mesteparten av arkivet sett i brukbar stand att. Eit plaster på såret var det at vi fekk utbetalt 800 000 kr. i trygdepengar, slik at vi vart sette i stand til å trykke opp att nokre av dei bøkene som forsvann.


Sogenemnda har det siste året i fleire møte diskutert kvar vegen skal gå vidare. Ei slik hending fører til at ein stoppar opp og reflekterer over situasjonen. I dei tunge stundene vi hadde etter brannen, trøysta vi oss med det gamle uttrykket om at det aldri er så gale at det ikkje er godt for noko. Brannen gav altså sogenemnda ein del pengar på bok. Desse midlane gjev oss ein langt større handlefridom enn vi før har hatt. Dei set oss i stand til å satse på bokprosjekt som kan fenge interessa til nye lesargrupper. Dei set oss også i stand til å satse på moderne kommunikasjonsformer. Her tenkjer vi konkret på dataverktyet som opnar heilt nye sjansar når det gjeld lagring, oppdatering og formidling av historisk materiell.

Sogenemnda har kome til at vi seier ja takk, begge deler. Vi har i haust kome ut med ei bok med barndomsminne frå Sykkylven. Vi er overtydde om at denne boka vil nå ut til breie lesargrupper. Alle vil kjenne seg att i ein eller fleire av artiklane i boka, som er sett saman av bidrag frå 44 personar som alle har det til felles at dei har barndomsminne frå Sykkylven. Sogenemnda har òg starta planarbeidet for å få ut ei allmennsoge for kommunen. Mange har sakna ei brei framstilling av utviklinga i Sykkylven som i løpet av få år skifte ham frå eit samfunn der primærnæringane dominerte fram til eit moderne industrisamfunn.

I tillegg til nye bokprosjekt vil vi trykke opp eksem-

plar av nokre av dei titlane vi miste under brannen. Den populære boka med ord og uttrykk frå Sykkylven er allereie trykt opp att. Årboka for Sykkylven vil sogenemnda halde fram med å gje ut.

Elles har vi i eit par år arbeidd for å gjere det lokalhistoriske materialet tilgjengeleg på data. Til å hjelpe oss med dette arbeidet, har vi hatt Sykkylven Slektsforum med datakontakt Per Arne Aursnes i spissen.



Eldar Høidal studerer restane av dei brende bøkene til Sykkylven Sogelag.

Aursnes & Co har gjort eit storarbeid med å digitalisere alle dei fire gardssogene våre. Mykje korrekturlesing følgde med... I sommar kjøpte sogenemnda ein datamaskin, som vart plassert på biblioteket. I harddisken på denne maskina la vi inn alle gardssogene, Sverre Andestad sin "Nye slekter", boka "Ord og uttrykk frå Sykkylven" og to ca. femti år gamle biletsieriar frå heile kommunen. Meininga er å leggje inn nye bøker som sogenemnda gjev ut, og å digitalisere eksisterande bøker. På denne måten får vi samla den lokalhistoriske litteraturen på ein plass. Det vert lett å søkje etter den informasjonen ein vil ha, og det vert mogeleg å kombinere ulik informasjon i eit oppsett som er heilt tilpassa interessene til den enkelte brukaren.

Sogenemnda har vedteke å trykke opp CD-ar med gardssoger og bilete av dei ulike gardane og husværa som var i bygda på visse gjevne tidspunkt. Dei skal seljast i bokhandelen på line med dei andre publikasjonane frå sogenemnda. På denne måten kan soge- og slektsinteresserte igjen få tilgang på gardssogene nr 3 og 4, som lenge har vore utselde.

Brannen den 13. januar var ei trist hending. I ettertid vil kanskje brannen, og det som følgde etter, bli sett på som eit vendepunkt for sogenemnda. Også i sogearbeidet må ein av og til bla seg fram til nye og blanke ark.

Brannen aktualiserte trongen for å skape eit fullgodt lager, eller helst eit arkiv for lokalthistorisk materiale. Sogenemnda, som fullt ut er eit kommunalt ansvarsområde, har med stort tolmot arbeidd for å gjere kommuneleiinga i Sykkylven medviten om det ansvaret vi alle har for å sikre dei lokalthistoriske primær- og sekundærkjeldene som finst i kommunen. Vi



Thor-Willy Strømme la ned eit storarbeid for å få tørka dei brann- og vass-skadde kjeldeskriftene til sogenemnda. NRK laga ein reportasje om bergingsarbeidet.

er ikkje tilfredse med at lokalthistoriske bokskattar og lokale primærkjelder vert salderingspostar på kommunale budsjett og kasteballar i kommunale ombyggingssjessjekt. Vi i sogenemnda har ein visjon om at vi skal bidra til å byggje opp eit trygt og velfungerande lokalthistorisk arkiv i kommunal regi. Der skal lag og foreiningar kunne plassere sine arkivsaker, der skal den kommunale forvaltninga kunne ta vare på stoff som har allmenn interesse og der må altså sogenemnda få ha sine verdisaker. Vi meiner at dette lokalthistoriske arkivet må ha sin naturlege plass i eit framtidig,

nytt bibliotek i Sykkylven. Vi ventar å bli tekne med på råd når ein slik institusjon skal utviklast. Det er eit rimeleg krav som vi mellom anna stiller på vegne av dei som var med å bygge opp dette lokalsamfunnet vårt.

Sogenemnda tok for nokre år sidan initiativ til oppretting av ei gruppe som skulle arbeide med formidling av dei forhistoriske funna på Auremarka. Gruppa har arbeidd målmedvite og intenst under leiar Ola Longva. I 2003 vart det eit gjennombrøt i dette arbeidet då ei informasjonplate vart avduka på funnområdet av ordførar Jan Kåre Aurdal. I tillegg til avdukinga var det også historisk vandring på Auregarden under kyndig leiing av Per Arne Grebstad. Nærare 300 personar var med på vandringa.

Nemnda arbeider vidare med sikte på å synleggjere spora etter våre forfedre og formødre.

Eit nytt prosjekt i regi av sogenemnda er rekonstruering av vetestova på Hovdeåsen. Roald Solheim har vore pådrivar for dette prosjektet, som skal vise korleis menneska i landet kunne kommunisere med kvarandre før telefonen og e-posten sin tidsalder.

Kommunikasjonsformene har endra seg opp gjennom historia, men trongen for å finne saman, for å gjere noko i lag, er den same som han alltid har vore. Det er mellom anna det sogearbeidet handlar om. Vi inviterer hermed alle interesserte til å vere med i arbeidet med å knyte liner mellom notid og fortid og mellom alle menneske som lever i Sykkylven i dag - og som vil lære bygda si å kjenne.

For Sykkylven Sogenemnd

Eldar Høidal
Leiar

Eldrid Suorza
Nestleiar



Gudrun Roald er oppvaksen i Velledalen og har også tidlegare vore bidragsytar i Årboka. I år fortel ho frå strev og moro i ungdommen og den strevsame kvardagen som kone på ein gard. Denne artikkelen er skriven til eit pensjonistmøte i januar 1995.

Gjentemoro og konestrev

Av Gudrun Roald

Når eg tenkjer tilbake på 30-åra, så er det ikkje dei harde 30-åra som sit best i minnet. Det er meir ei tid med forventning og mange ting å sjå fram til.

Fyrst var det å vente på å bli konfirmert og bli vaksen. Det var ein milepel. Då kunne vi få vere med på forskjellig som vi hadde gått å sett fram til. Vi fekk lov til å gå på ungdomsmøte, det var ikkje lite berre det. Det var gode program og alle gjorde sitt beste. Det vart vald ein komité til kvart møte. Vi hadde eit handskrive blad og det vart teke opp forskjellige emne til diskusjon. Det vart lagt mykje arbeid i å få godt innhald i underhaldninga, vi kappast om å få til det beste.

Korgafest

Så var det gutafest og jentefest, for ikkje å snakke om korgafestane, dei var skikkeleg spennande. Det var gjentene som laga korgene. To jenter på kvar korg, og det skulle vere hemmeleg kven som eigde korga. Så vart dei auksjonerte bort, og då var det ulideleg spennande kven som fekk tilslaget. For då måtte dei to gjentene som eigde korga sitje i lag med dei som kjøpte ho, og forsnye seg av alt det gode som var i korga. Og sidan måtte dei danse fyrste dansen i lag. Det var ikkje alltid vi fekk den vi helst ville ha til bordkavalerar, men moro var det likevel.

Heile tida var det noko vi såg fram til og venta på. Det var derfor vi syntest at tida gjekk så syrgjeleg seint. Eg er omtrent sikker at somrane både var lengre og varmare enn no. Vintrane var lange og kalde med ski og kjelkeføre og is på elva, der vi prøvde oss på skeiser. Vi hadde berre eit par på deling. Men ein ting var det mindre av, og det var ishelle og glatte vegar. Vi hørde sjeldan om brotne armar og lårhalsar, som det har vorte så vanleg å bryte no for tida.

Så var dei lange og varme somrane. Slåttonna var lang. Høyet turka vi på marka, så det vart mange sveit-dropar. Alt skulle gjerast med handemakt. Ljå og rive var viktigaste reiskapen. Slåtten varte i fleire veker. Det var ingen ting som skulle stå att, alle vegabardar skulle pussast, rundt tre og tuer i småhøymarka skulle knapteit strå vere igjen. Det var ei skam å slurve med slåtten.

Karane gjekk føre og slo med ljå og kvinnfolka kom etter og raka og brødde graset. Når vi gjentene vart gamle nok, så måtte vi gå på setra. Vi gledde oss til det, same kor travelt det var i slåtten. Når kvelden kom, var det å gå den lange vegen til Myrdalen. Då var det å håpe at kyrne var komne, slik at vi kunne få dei inn i fjøsane og mjølke. Men ofte hende det av vi måtte ut i marka og leite etter dei. Då kunne det bli seine kvelden før vi kom oss til støls med dei.

Når vi var ferdige med fjøsstellet om kvelden, samlast vi i eitt av sela, kokte kakao og kosa oss med handarbeid, så det var reine festen. Då kom gutane i dalen på besøk. Og det var no kven som kom som var det viktigaste. Ja, det var ikkje berre dalegutar som kom på Myrdalen. Vi gjentene stod bak gardinene i selet og glette ut. Såg vi nokon med kvite huer og anorakkar, då var vi sikre på at det var strandarar. Var det nokon med blankeskjoldahuer, var det øyagutar, helst vigingar. Dalegutane likte ikkje så godt desse inntrengjarane, så det kunne godt gå hardt føre seg ute i trøna. Kva dei slost om, kunne vere så ymse. Eg hugsar ein sundagsmorgon eg kom og skulle i fjøset. Då gjekk der ein gut frå dalen og såg seg om mellom kuruer og brennelse. Eg spurde om det var noko han leita etter. Ja, eg leitar etter knapphola mine, sa han. Trur du ikkje ein av desse forbaska strandarane reiv alle knapphola av strikkajakka mi.

Men det kunne også gå fredeleg for seg. Oftast hadde ein av gutane med seg eit munnspelel eller ein toradar. Då kunne det bli ein svingom, anten i eit sel eller ute på stølsvollen. Vi sette ikkje så store krav kørkje til musikk eller lokale. Mange av setrejentene som var på Myrdalen den tida, har blitt gifte med strandarar og vigingar. Myrdalen var setra både til Hole, Brøvoll og Hjortdal, så det var eit bra utval av kjerringemne. Dette vart no litt om ei sorglaus men også travel ungdomstid. Utan det ansvaret som kjem seinare, når du skal setje fot under eige bord.

Bryllaup

Ei jente måtte ha eit skamlaust heimafylgje når ho skulle gifte seg. Det var ikkje gjort i ei handvending. Ein måtte planlegge alt i god tid. Det var vanleg å gå i sylære, så ein kunne vere sjølvhjelp, for alt måtte

syast, både gangklede, sengklede og elles det ein trong. Det var ikkje berre å gå i butikken å kjøpe det ferdig. Det var å spinne og veve ullteppe, handdukar, golvteppe, puter og elles det ein hadde råd og tid til. Vi sydde laken av kveitemjølsekker, 100 kilos sekker var fine til det. Hadde ein to sekker, fekk ein eit godt og stødig laken. Av femti kilos sekker sydde dei putevar og dei vart også brukte til kaffidukar. Vi teikna på mønster med blåpapir og broderte. Stilkesting, korssting og plattsaum. Dei vart skikkeleg fine. Og hadde vi ein splinteblonde å setje på, vart det heilt perfekt.

Det var vanleg å brodere ein bokstav på det meste av utstyret, til og med på laken og handdukar. Og skulle du ha 12 av kvart slag, som vart vanleg, måtte det vere rimeleg sikker på at det var rette bokstaven. Det hende nok at det vart knute på tråden i dobbelt forstand. Då måtte ein sprette opp att alle krusedullane som ein hadde kava med i månadsvis. Då var det kjærleikssorg og forargelse.

Det var vanleg at foreldra til gjente heldt bryllaupet. Dei som hadde mange

døtrer fekk det travelt og trongt økonomisk. Bryllaup varte i to dagar, så det skulle mykje til både av mat og drikke. Det kunne vere opptil 300 - 400 gjester. Men etter forloving og bryllaup, kom kvardagen. Den som kom på ungene til ein gard, visste nokolunde kva ein gjekk til. Men når ein er i tjueåra ser ein gjerne lyst på livet og tek i alle fall ikkje problema på forskot.

Eg kan hugse at mor mi sa til meg då eg skulle gifte meg og flytte heimanfrå. No får du hugse på at du får tre gamlefolk som du skal ta på seg med pass og pleie. Eg tenkte ikkje så alvorleg på det akkurat då, heldigvis. Eg var vel heldig som kom frå ein gard, der det var tre generasjonar i same huset. Vi hadde lært å ta omsyn til kvarandre. Men det blir noko anna når ein kjem til ein ny heim, der dei har sine måtar å ordne seg på. Og når ein berre er 20 år og er redd for ikkje å strekkje til, er det ikkje så pire.

Når ein tek over ein gard på den tida, så var det plikter som fylgde med. Det var noko som heitte kår. Sume fekk full kost og pleie livet ut. Andre fekk avkastinga av to kyr og fire sauer, poteter og forskjellig anna frå garden. Men pass og pleie stod alltid i kontrakten. Det var ikkje andre måtar å løyse eldreomsorga på i den tida. Kåret var det dei skulle leve av, etter at dei hadde gjeve frå seg garden, for pengar var det lite av. Det var naturalhushaldning og ein måtte bruke mest mogleg av det ein hadde på garden.

Om hausten slakta vi sauer og gjerne eit anna bukroter. Då laga vi mør og pølse, salta ned kjøt, hengde opp spekekjøtet. Så baka vi lefser og flatbrød for heile vinteren. Til jul var det grisen som skulle slaktast,

det vart mykje god mat av den. Då krigen kom i 1940, og snudde opp med på så mangt, kom det godt med å vere mest mogleg sjølvhjelpete.

Arbeid og omsut

Åra gjekk, familien voks og dei eldste vart etter kvart skrøpelege og ofte sengeliggjande. Då vart det straks meir

arbeid og omsut på mange måtar. Det var ikkje mykje hjelp eller hjelpemiddel å få når nokon var sjuk. Doktoren budde på Sjøholt, og var her i bygda ein dag i veka. Det var ei sjukesyster for heile bygda. Men så hadde vi Marie Åse. Ho var god å ha så mange ein gong. Henne kunne vi spørje til råds om alt som hadde med sjukdommar å gjere. Og stod det om livet, så var det å få tak i ho Marie, og ho kom anten det var natt eller dag. For det var ikkje snargjort å kome seg til Ørskog og hente dokteren. Noka hjelp frå det offentlege var det vanskeleg å få. Vi fekk sjukesystra ein dag, det var den dagen bestefar døydd. Då hadde han lege til sengs i over tre år. Bestemor døydd seks år seinare. Ho låg mykje til sengs siste åra. Då fekk eg erfare kva pass og pleie var i praksis. Men det gjekk utruleg bra. Det skulle slik vere, det var likt for alle, meir eller mindre. Det vart tomt i huset etter at besteforeldra var borte. Det var kjekt så lenge dei var i kråa si. Dei var gode å spørje til råds så mange ein gong.



Vi gledde oss alltid til å reise på stølen. Der var mykje arbeid, men også ofte mykje folk og mykje moro, fortel Gudrun Roald. Bilete på postkort frå Myrdalen.



Stølshelg på Myrdalen ca 1930.

Det var på ein heilt annan måte den tida enn det er i dag. Både å bli fødd, å bli sjuk og når den tida kjem då det er slutt på livet. Alt skjedde i heimen, det var som alle godtok og var med på. Døden var ein naturleg ting. I dag skjer dette på eit sjukehus eller i ein sjukeheim, så det kjem meir på avstand. Kanskje blir døden meir skræmande.

Alt forandrar seg, ein kan ikkje samanlikne eldreomsorga før og no. Før var det ei svigerdotter, ei dotter - ofte ei ugift dotter - , som tok seg av foreldre og andre i familien som trong hjelp. Ho brukte kanskje

heile livet sitt på det utan betaling. Vi veit at dei som kjem på sjukeheimen får mykje betre stell og pleie på mange måtar. Og heimesjukepleiarane gjev ein god jobb over heile bygda. For dei fleste vil gjerne vere heime så lenge dei kan fungere med litt hjelp.

Men lat oss vere glade for at vi har ein stad å kome til, når det ikkje er andre utvegar. Berre det blir plass til alle som treng det. Vi får ikkje gruble for mykje på det. Vi får prøve å passe på kvarandre så lenge vi greier det og så ta problema etter kvart som dei kjem. Det kan gå betre enn vi trur.

Arnold Weiberg-Aurdal er tidlegare ordførar og stortingsmann frå Sykkylven. No er han pensjonist, men er aktiv i foreiningslivet og ein flittig bidragsytar til Årbok for Sykkylven.



Lars J. Drabløs - ein profil i bygda

Av Jostein Drabløs

1864 kom ein gut til verda i Samundgarden på Dravlaus. Etter kvart vart han til vanleg kalla Samon-Lars. Ungdomsåra gjekk med til arbeid på heimegarden.

Lars hadde evner og pågangsmot. Han starta eit lite meieri i kjellaren. Tiltaket var pionerarbeid. Til å drive separator og smørkinne brukte han undervasshjul i grova eit lite stykke i frå. Mellom vasshjulet og kjellaren gjekk drivsnora som vart halden oppe av stenger med trinsler. Enkelt, men effektivt for si tid.

Støls-meieri

Til dette meieriet fekk Lars kjøpe mjølk frå gardbrukarane på Fet, Dravlaus og Velle. Ja, mjølk kom òg frå Straumgjerde, Riksheim og Brunstad.

Om sommaren flytte Lars separator og kinne til støls. Han bygde eit lite meieri attmed elva eit stykke utanfor Dravlausstølen. Dette vesle huset kan ein sjå på eit måleri av Johan Fredrik Berg. Han måla m.a. Dravlausstølen i 1909. Då var meieriet for lengst lagt ned.

Lars heldt drifta i gang i åra 1890- 1895. Då kom det nye meieriet på Brunstad i gang. Lars måtte slutte. Men han gav ikkje opp. Pioneren tok med seg separator og kinne til Straumgjerde, der han dreiv meieri i Tørjebua i åra 1895-1897. Om sommaren var kyrne i Straumsdalen. Lars bar separator og kinne til seters. Han etablerte seg på Hindaholen og tok i mot mjølka frå setrane i Straumsdalen. Arbeidet var hardt. Lars drog både separator og smørkinne med hand. Smøret gjekk stort sett til Ålesund. Skummamjølka laut gardbrukarane ta i retur.

I 1897 kom meieriet på Riksheim i gang. Meieridrifta til Lars vart historie.

Post og sylvrev

Samon-Lars slo rot i Straumgjerde. Staden fekk postopneri i 1899. Frå det året var Lars postopnar i grenda. Han styrde posten til 1933. Stova i Eilev-garden låg lagleg til.

I 1902 kjøpte Samon-Lars Eilevgarden. Han var i sine beste år og gjekk laus med nydyrking i stor stil.



Ole Strømme frå Straumgjerde utdanna seg som lærar, men vart også bonde, lensmann, ordførar, stortingsmann og sosialminister.

Den vesle dyrkamarka kring husa vart år for år utvida. Grøne bær breidde seg oppover mot utmarksgarden.

Lars kjøpte òg to små gardar på Magerholm. Sjølve bruka gav vel ikkje så mykje i pungen. Men der var gild furuskog som han gjorde om til sagtømmer. Mykje av trevirket selde han til heimbygda. Her var lite tømmer.

I 1920-åra vart sylvreven populær i heile den industrialiserte verda. Her til lands spreidde revegardane seg som ein farsott over heile landet. No var det pengar å tene. Somme gjorde det godt. Andre fekk vanskar med lønsemda.

"Eg var med å setje opp røvagard for han Samon-Lars," fortel 90-åringen Tomas Tandstad. "Røvahaldet ebba ut fram mot krigsutbrotet i 1940."

Giftarmål

Samon-Lars vart venteleg sett på som ein evig ungkar. Men i 1913 gifte han seg med Marte Riksheim (1884 – 1963). Lars var då 49 år gamal. Det var nok ei stor



Eilevgarden måla av B. Spjelkavik.

lette for Lars å få kone på garden. Ho var ei dugande kone.

”Og så var ho så snill,” fortel Tomas Tandstad. ”Det var populært mellom oss småhynane å gjete kyrne til ho Marte, for då fekk vi så god mat, til og med sukker.” Elles var Nygards-Ole frå Hole dreng der i mange år. Han tok seg av husdyrhald, reveavl og jordveg.

Fiskehandel og motorbåt

Samon-Ole slo seg ikkje til ro som postopnar og gardbrukar. Han kjøpte Bukkeholmen, ei lita øy ved Langevåg. Der åtte Lars ei sjøbud. Torsken i Borgundfjorden var god salsvare. Lars reiste rundt på fjordane og fekk tak i fisk og sild. Til dette arbeidet kjøpte han ein motorbåt. Ein av hjelpesmennene på sjøbuda var Johannes Jørgensen, ein sjømann frå Sandnessjøen. Han fungerte som maskinist om bord. Petter Strømmegjerde (Nymark-Petter) var òg maskinist ei tid for Lars.

”Denne Johannes Jørgensen var sterk som ein bjørn,” fortel Tomas Tandstad. ”Ein gong stod sementtynner opprada på kaia i Straumgjerde. Kvar tynne

180 kilo. Jørgensen lyfte ei tynne med longetonga. Heilt utruleg. Andre prøvde seg. Tynna ville ikkje rikke seg, veit du. Ein gong sette han ein stige opp mot mønet på Eilev-løa. Kraftkaren klivra opp på mønet, vippa seg opp i handståande og gjekk på håndå mønet til endes og tilbake med føtene dinglande i lykt og sky. Folk vart forskrekka, veit du!”

Fabrikk og kultur

I unge år hadde Samon-Lars produsert smør. Mange år etter fekk han trua på produksjon av margarin. Lars kom så langt at han sette opp murar til ny fabrikk ned mot vegen. Lars støypte og Marte handlanga, fortel Tomas Tandstad. Men det stogga med dette. Huset vart aldri ferdig. Margarinfabrikken enda i draumelandet. Murane vart ståande i årevis.

Samon-Lars dreiv songkor i 1890-åra. Han var elles aktiv i lyd og lag. I Velledalen var han med å starte skyttarlaget. Han tok mange premiar i åra som kom.

Lars J. Drabløs døydde i 1943. Han hadde vore ein drivkraft i all sin dag.

Desse har vore med å støtta utgjevinga av

Årbok for Sykkylven 2003

Norsk Møbelfaglig Senter

Sparebanken Møre

Maxbo Idebygg

Sandella

sAPDesign

Nordea

Ekornes ASA

Sykkylven Energi

Stjernemadrassen

Nyborg AS

Amatec AS

Advokat Kjetil Kvammen

Formfin Møbler AS

Fotograf P.P. Lyshol

Hjellegjerde ASA

Revisor Asbjørn Klokk

Sykkylven Bok & Papir AS

Hj. Brunstad Fabrikker AS

Berg- Hansen Sykkylven

Coop Mega Sykkylven

Elias Vinje AS

Sykkylven Gjensidige

Tema Trading AS

Møre Trafo AS

YIT Building Systems AS

Sykkylven Naturhistoriske Museum



Vår "kunstnar og stylist" Birgitta Roald har arrangert dette biletet, og fortel: Dette er og eit bilete av serien som vart tatt på Hardangervidda, der eg kledde steinar med eit utval tekstilar. (Sjå og midtsidene).

Til ein innflyttar

Av Per Flaaen

Dei bratte fjell deg minner tidt
om barndoms ljose land.
Og same havet – stort og vidt
som leikande om strand.
Og kjenn den same friske vind
som stryker inn frå hav
og same klåre luft om tind
din fyrste ande gav.

Her kom du til eit kvardags-folk
med rot i sut og strev.
Dei vaks utav so trang ein bolk
og bar sitt heidersbrev.
Men vert her stundom einsemnds-grått
so lengtetårer fell,
då vit at mellom gråt og lått
stod høge mørke fjell.

Her drikk dei til av livsens skjenk,
her skifter strid og fred.
Her sit ein flokk i Sions benk
og alt skal teljast med.
Men vert her stundom stilt og stengt
der du vil stige inn
so er det same ljose lengt
og veike von du finn.

So ljose minne tidt deg når
frå dine barndoms fjell.
Men når som bjartast ljuset står
der også skuggar fell.
Då bind med oss ein rettferds-krans
og knyt små blomar inn.
Av dei som står i minneglans
og dei som her du finn.